

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 13.09.2012 kl 10:00 – 15.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 071/12 - 084/12

Innkalling til møtet var sendt ut den: 06.09.2012

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal	Karstein Totland, ordførar	Vigdis Jorunn Søvik
Arthur Reidar Sjørusen	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
	Lene Hansen Kvamsdal	
	John Torgeir Torsvik	
	Vebjørn Haugsdal, vara	
	Kjell Løvik, vara i sak 79/12	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Kjetil Fjellby	

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Egil Kvingedal
Lillian Andvik	Janne Judith K. Sandnes	Øystein B. Strand, vara
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Erlend Kvamsdal	Tove K. Sleire Tistel

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Konsulent Gerd Allis Håheim
Teknisk sjef Terje Kallekleiv til sak 76/12
Rådgjevar Alf Strand til sak 72/12 og 73/12
Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl i sak 77/12 og sak 80/12

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møte

Møteleiar:	Ordførar Karstein Totland
Utlevert i møtet:	
Orientering ved:	Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune frå kl. 10.00 til 11.00.
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Ordførar ynskte velkomen til representantar frå Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune som hadde bede om eit kontaktmøte med Masfjorden kommune.

Frå Statens vegvesen møte:

Olav Finne, avdelingsingeniør, vegavd. Hordaland

Gunhild Vangsnes, seksjonsleiar, vegseksjon Nord, Midt- og Sunnhordland

Sindre Lillebø, seksjonsleiar, Plan og forvaltningsseksjon Bergen

Beate Mæsel, rådgjevar

Frå Hordaland fylkeskommune møte:

Anne Iren Fagerbakke, samferdselssjef

Rolf Rosenlund, seksjonsleiar, forvaltningsseksjonen

Helge Inge Johansen, rådgjevar, vegseksjonen

Avdelingsingeniør Olav Finne gjekk gjennom organiseringa i Statens vegvesen, region Vest og orienterte om samarbeidet og tilhøvet til fylkeskommunen.

Samferdselssjef Ann Iren Fagerbakke orienterte om den ny forvaltningsreforma og nytt fylkeskommunalt vegnett i Hordaland. Ho orienterte om organiseringa av fylkeskommunen og samarbeidet med Statens vegvesen Hordaland.

Kl. 11.00 slutt.

Kommunestyremøtet vart sett.**Innkallinga vart godkjent.**

Ordførar Karstein Totland gjorde framlegg på Lillian Andvik og John Torsvik til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes vedteke.

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
071/12	12/579	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
072/12	08/404	Syns og Audiopedagogisk teneste i Hordaland	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
073/12	09/726	Redusert foreldrebetaling i SFO	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
074/12	12/537	Høyringsfråsegn til skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012-24	11
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
075/12	10/704	Rullering / utarbeiding av strategisk næringsplan 2012 - 2016	17
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
076/12	12/119	Nytt teknisk utval - oppretting	25
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
077/12	12/150	Planstrategi for Masfjorden kommune 2012 - 2016	37
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
078/12	12/470	NGIT - Revidert avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid - Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn	43
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
079/12	10/730	Overføring av vatn frå Matreselva - Brydalsfossen til Hommelvatnet i Masfjorden kommune	46
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
080/12	12/541	Nordhordland Legevakt - styrking av legevakta og konsekvensar av nye oppgåver	54
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
081/12	12/549	Delegeringsreglement for Masfjorden kommune	79
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
082/12	12/428	Søknad om tilskot frå kraftfondet til systove	84
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
083/12	12/577	Delegerte vedtak	88
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
084/12	12/578	Skriv og meldingar	89

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	13.09.2012	071/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/579
-----------	---------------------

SAK 071/12 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 21.06.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-071/12 VEDTAK :

Møteprotokollen frå kommunestyret den 21.6.2012 vert godkjent slik han ligg føre med retting i sak 69/12.

Tove Kristin S. Tistel vert valt som vara for styret i Stordalen skitrek i staden for Frode Langhelle.

Grunngjeving: Kjønnfordeling

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Marit Steinestø, KrF, ba om at det kom med under godkjenning av protokoll at ordførar Karstein Totland i møtet den 21.06.2012 sa at kommunen skulle søkja om utsett høyringsfrist slik at formannskapet kunne ta denne saka til hausten.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med merknaden frå KrF.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.09.2012	072/12	Alf Strand
Kommunestyret	13.09.2012	072/12	Alf Strand

Arkiv: N-105

Arkivsaknr.: 08/404

SAK 072/12 - SYNS OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner avtale om Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland (SAPT) mellom kommunar i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune, gjeldande frå 1.01.2013 til 31.12.2016.

Finansiering

Må leggest inn i årsbudsjettet frå og med 2013

Heimel

Opplæringslova §13-10

Folketrygdlova kap. 10

FS-072/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommunestyre godkjenner avtale om Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland (SAPT) mellom kommunar i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune, gjeldande frå 1.01.2013 til 31.12.2016.

Det skjedde i Formannskapet den 04.09.2012:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS-072/12 VEDTAK :

Masfjorden kommunestyre godkjenner avtale om Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland (SAPT) mellom kommunar i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune, gjeldande frå 1.01.2013 til 31.12.2016.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	20.05.2008	Bergen kommune	Refusjonskrav 2007 for Syns- og Audiopedagogisk teneste i Hordaland - grunnlag
2	I	21.05.2010	Bergen kommune - Syns- og Audiopedagogisk Senter	Refusjonskrav 2009 for Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland
3	I	25.05.2011	Bergen kommune	Refusjonskrav 2011 for syns- og audiopedagogisk Teneste i Hordaland - grunnlag
4	I	30.08.2011	Bergen kommune - byrådsavdeling for barnehage og skole	Høyringsnotat vedr framtidig organisering av Syns og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland
5	U	05.10.2011	Bergen kommune v/Brita Instebo	Prolingering av avtale med SAPT-H
7	U	01.11.2011	Bergen kommune	Høyring syns- og audiopedagogisk teneste - melding om vedtak
8	I	07.12.2011	Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland	Brev til kommuner desember 11
9	I	24.01.2012	Hordaland Fylkeskommune	Avtale om Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland
10	I	03.05.2012	Bergen kommune	Refusjonskrav 2012 for Syns- og Audiopedagogisk Teneste
11	I	29.05.2012	Utdanningsforbundet Bergen	Gjeld avtalen SAPT har med Bergen og øvrige kommunar i Hordaland
12	I	18.06.2012	Norges Blindeforbund	Fremtidig tilbud hos Syns- og audiopedagogisk tjeneste
13	I	26.06.2012	Hordaland SAPT	Godkjenning av ny avtale for Syns- og audipedagogisk teneste for perioden 1.1.2013-31.12.2016
15	I	29.08.2012	Syns- og audiopedagogisk Senter	Opplæring/oppfølgingsansvarleglig for tekniske hjelpemidlaer innen IKT

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Det er no laga framlegg til ein ny avtale mellom alle kommunane i Hordaland og Syns- og audiopedagogisk teneste for perioden 01.01.2013 – 31.12.2016. Sjå vedlegg med avtale og følgeskriv. Den nye avtalen skal godkjennast av kommunestyret/fylkestinget. Tilbakemelding er sett til 15.oktober 2012.

Det har tidlegare vore ein høyringsrunde om denne saka. Masfjorden kommunestyre gjorde følgjande vedtak i sak KS -79/11:

”Masfjorden kommunestyre vil framleis ha ei felles syns- og audiopedagogisk teneste for alle kommunane i Hordaland.

Masfjorden kommune går inn for alternativ 2, slik det ligg føre i saksutgreiinga.

Den årlege overføringa frå Masfjorden kommune vil auke frå kr 25500 til kr 30500.

Denne ekstra kostnaden vil bli vurdert i samband med budsjettet for 2013.”

Administrasjonen viser også til saksutgreiinga i KS-sak 79/11.

VURDERING

Framlegget til ny avtale er i tråd med det vedtaket som Masfjorden kommunestyre gjorde i høyringsrunden i 2011. Kommunane vil ikkje klara å etablere slike spesialiserte tenester som dette på eiga hand. Det vil i så fall bli dyrare for kvar kommune. I tillegg er det ikkje nok kompetanse innan fagmiljøet til å etablere ei desentralisert teneste fullt ut.

Avtalen vert vurdert å vere tenleg for Masfjorden kommune.

KONKLUSJON

Masfjorden kommunestyre godkjenner avtale om Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland (SAPT) mellom kommunar i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune, gjeldande frå 1.01.2013 til 31.12.2016.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.09.2012	071/12	Alf Strand
Kommunestyret	13.09.2012	073/12	Alf Strand

Arkiv: N-113, N-21

Arkivsaknr.: 09/726

SAK 073/12 - REDUSERT FORELDREBETALING I SFO

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune innfører ordning med reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling i SFO for barnefamiliane med lågast betalingsevne med verknad frå 15. august 2012. Følgjande reglar skal gjelda:

- Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Rådmannen fastset detaljar i reglane om redusert foreldrebetaling, også indeksregulering av satsane og syter for at foreldre vert gjort kjende med dei nye reglane.

Finansiering

Må takast omsyn til i budsjettet for 2013

Heimel

FS-071/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune innfører ordning med reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling i SFO for barnefamiliane med lågast betalingsevne med verknad frå 15. august 2012. Følgjande reglar skal gjelda:

- Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220.000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150.000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Rådmannen fastset detaljar i reglane om redusert foreldrebetaling, også indeksregulering av satsane og syter for at foreldre vert gjort kjende med dei nye reglane.

Det skjedde i Formannskapet den 04.09.2012:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KS-073/12 VEDTAK:

Masfjorden kommune innfører ordning med reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling i SFO for barnefamiliane med lågast betalingsevne med verknad frå 15. august 2012. Følgjande reglar skal gjelda:

- Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220.000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150.000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Rådmannen fastset detaljar i reglane om redusert foreldrebetaling, også indeksregulering av satsane og syter for at foreldre vert gjort kjende med dei nye reglane.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	04.01.2010	Skulane	SFO-satsar for 2010 - melding om vedtak
4	U	20.12.2010	Skulane	SFO-satsar 2011 - melding om politisk vedtak
7	U	02.11.2011	Skulane	SFO-satsar for 2012 - melding om vedtak

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ VURDERING

I kommunestyremøtet 31.05.2012, sak 47/12, vart rådmannen beden om å leggja fram ei sak om foreldrebetaling i SFO. I sak 47/12 gjorde kommunestyret vedtak om å gjeninnføra ordning med reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling i barnehagane for barnefamiljar med lågast betalingsevne.

Det er rimeleg at den ordninga som no er vedteken for barnehagane også skal gjelda i SFO, sjølv om det i utgangspunktet hjå oss er billegare å ha borna i SFO enn i barnehagen. Det er tidlegare innført same søskenmoderasjon i barnehage og SFO.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune innfører ordning med reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling i SFO for barnefamiliane med lågast betalingsevne med verknad frå 15. august 2012. Følgjande reglar skal gjelda:

- Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Rådmannen fastset detaljar i reglane om redusert foreldrebetaling, også indeksregulering av satsane og syter for at foreldre vert gjort kjende med dei nye reglane.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	13.09.2012	074/12	Alf Strand

Arkiv: N-214

Arkivsaknr.: 12/537

SAK 074/12 - HØYRINGSFRÅSEGN TIL SKULEBRUKSPLAN FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE 2012-24

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre sender følgjande høyringsfråsegn til Hordaland fylkeskommune: Masfjorden kommunestyre har merka seg at Hordaland fylkeskommune i framlegget til ny skulebruksplan går inn for å leggja ned Austrheim vidaregåande skule.

Masfjorden kommunestyre er sterkt usamd i dette framlegget. Austrheim vidaregåande skule er viktig for elevane frå Masfjorden. Elevane som går der, kan bu heime medan dei går på vidaregåande skule. Skulen er òg ein viktig samarbeidspart for næringslivet i nordre delen av Nordhordland. Det lokale næringslivet har god bruk for den kompetansen som skulen kan gje, og elevane på skulen får god kjennskap og eit godt tilhøve til næringslivet. Det vil vera viktig for rekruttering i framtida. Dette er eit tilhøve som det er lagt altfor lite vekt på i framlegget til skulebruksplan.

Dersom Austrheim vidaregåande skule vert lagd ned, vil våre elevar måtte reisa til Knarvik eller Åsane for å gå på skule. Det vil føra til at fleire av dei må bu på hybel alt frå VG1. Ut frå det me veit om utviklinga i folketalet, vil Knarvik vidaregåande skule veksa sjølv om ikkje elevane som kunne gått på Austrheim, vert overførte dit. Masfjorden kommunestyre synest det er uheldig at Knarvik vidaregåande får så store klasser at det kan gå ut over tilbodet til kvar einskild elev.

Både ut frå omsyn til elevane, til dagens næringsliv og til vidare utvikling i nordre delen av Nordhordland, meiner Masfjorden kommunestyre at det er viktig å oppretthalda tilbodet ved Austrheim vidaregåande skule.

Masfjorden kommune meiner vidare at det må bli gitt tilbod om utdanningsprogramma musikk, dans og drama og idrettsfag i Nordhordland.

Finansiering

Ikkje aktuelt

Heimel

Ikkje aktuelt

KS-074/12 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre sender følgjande høyringsfråsegn til Hordaland fylkeskommune:

Masfjorden kommunestyre har merka seg at Hordaland fylkeskommune i framlegget til ny skulebruksplan går inn for å leggja ned Austrheim vidaregåande skule.

Masfjorden kommunestyre er sterkt usamd i dette framlegget. Austrheim vidaregåande skule er viktig for elevane frå Masfjorden. Elevane som går der, kan bu heime medan dei går på vidaregåande skule. Skulen er òg ein viktig samarbeidspart for næringslivet i nordre delen av Nordhordland. Det lokale næringslivet har god bruk for den kompetansen som skulen kan gje, og elevane på skulen får god kjennskap og eit godt tilhøve til næringslivet. Det vil vera viktig for rekruttering i framtida. Dette er eit tilhøve som det er lagt altfor lite vekt på i framlegget til skulebruksplan.

Dersom Austrheim vidaregåande skule vert lagd ned, vil våre elevar måtte reisa til Knarvik eller Åsane for å gå på skule.

Det vil medføre at dei fleste elevane frå Masfjorden må bu på hybel, noko som også fordyrar skulegangen. Slik pågangen av elevar til Knarvik er også frå Bergen, vil mange elevar frå Nordhordland og Gulen få eit svekka vidaregåande tilbod i regionen sin. Elevar frå Masfjorden, Gulen og Solund vil rekruttere til ein og same arbeidsmarknad, og det er av stor betydning for det lokale næringslivet at elevar frå denne regionen får nærleik og kunnskap retta inn mot dette næringslivet. Næringsutviklingkring Mongstad og Sløvåg treng både yrkesretta, praktiske og teoretiske fag og har godt miljø for høgare utdanning, forskning og produktutvikling.

Masfjorden kommune vil oppmode Fylkeskommunen til at avtalen med Sogn og Fjordane for elevar frå Gulen og Solund vert utvida til også å gjelde Knarvik vidaregåande skule. Masfjorden kommune meiner vidare at det må bli gitt tilbod om utdanningsprogram innan musikk og idrettsfag i Nordhordland. Yrkesretta samarbeidsavtalar med lokalt næringsliv må vidareførast slik TAF tilbodet har gjort. Masfjorden ber om at Nordhordlandsregionen får oppretthalde meir enn eit studiealternativ slik både Hardanger og Sunnhordland vil få i den nye vidaregåande skulestrukturen. Dette av hensyn til lange reiseavstandar og viktige næringsklynger i regionen.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Saka vart drøfta.

Lene H. Kvamsdal, H, sette fram slikt endringsframlegg:

Dersom Austrheim vidaregåande. skule vert lagt ned, vil våre elevar måtte reisa til Knarvik eller Åsane for å gå på skule.

Det vil medføre at dei fleste elevane frå Masfjorden må bu på hybel, noko som også fordyrar skulegangen. Slik pågangen av elevar til Knarvik er også frå Bergen, vil mange elevar frå Nordhordland og Gulen få eit svekka vidaregåande tilbod i regionen sin. Elevar frå Masfjorden, Gulen og Solund vil rekruttere til ein og same arbeidsmarknad, og det er av stor betydning for det lokale næringslivet at elevar frå denne regionen får nærleik og kunnskap retta inn mot dette næringslivet. Næringsutvikling kring Mongstad og Sløvåg treng både yrkesretta, praktiske og teoretiske fag og har godt miljø for høgare utdanning, forskning og produktutvikling.

Masfjorden kommune vil oppmode Fylkeskommunen til at avtalen med Sogn og Fjordane for elevar frå Gulen og Solund vert utvida til også å gjelde Knarvik vidaregåande skule. Masfjorden kommune meiner vidare at det må bli gitt tilbod om utdanningsprogram innan musikk og idrettsfag i Nordhordland. Yrkesretta samarbeidsavtalar med lokalt næringsliv må vidareførast slik TAF tilbodet har gjort. Masfjorden ber om at Nordhordlandsregionen får oppretthalde meir enn eit studiealternativ slik både Hardanger og Sunnhordland vil få i den nye vidaregåande skulestrukturen. Dette av hensyn til lange reiseavstandar og viktige næringsklynger i regionen.

Kommentar:

Høgre ser det som viktig at høyringsuttalen til skulebruksplanen vert fokusert på at studietilbodet i Nordhordland vert r3etta tydelegare inn på studietilbod som er yrkesretta for regionen vår. Her der det viktig at Regionrådet tar denne prosessen på alvor og i tett dialog med næringslivet finn fram gode skisser som og skuleeigar kan gjennomføre med god kvalitet og utviklingspotensiale. For å gje eit betre grunnlag for dette må vi tiltrekke oss elevar både frå Bergen i sør og Sogn og Fjordane i nord.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over 1. avsnitt i rådmannen sitt framlegg.

Dette vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over Høgre sitt endringsframlegg.

Høgre sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	03.07.2012	Hordaland fylkeskommune	Høyringsbrev Skole- og tilbudsstruktur for framtida - skolebruksplan Hordaland fylkeskommune 2012 - 2025

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Hordaland fylkesutval vedtok i møte 21.06.12 å senda framlegg til skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune for perioden 2012-2024 ut på høyring med høyringsfrist 1. oktober.

Planarbeidet har omfatta ein grundig gjennomgang og ei kartlegging av dagens situasjon og avdekka problemstillingar og utfordringar som fylkeskommunen står overfor når det gjeld skule- og tilbudsstruktur. Hordaland fylke bruker store ressursar på å oppretthalda ein desentralisert skulestruktur. Hordaland fylkeskommune har dette skuleåret 46 vidaregåande skular og fagskular. Gjennomsnittleg skulestorleik er tredje lågast i landet. Dei fleste utdanningsprogramma er fordelte på for mange skular. Fleire av skulane konkurrerer med naboskulen på dei same utdanningsprogramma. Ut frå både eit skulefagleg og eit økonomisk perspektiv er det ønskjeleg med større fagmiljø.

På denne bakgrunn er det utarbeidd 3 alternativ til framtidig skulestruktur. Alternativa for ein framtidig skule- og tilbudsstruktur er utarbeidd med grunnlag i ei kriterieliste. Viktige moment i kriterielista er:

- Skulestorleik
- Fagtilbod
- Kapasitet
- Lokalisering og reisetid
- Skuleanlegg
- Økonomi

Alternativ 0:

42 skular (46 i dag) Reduksjonen i talet på skular kjem av vedtak som alt er gjort av fylkestinget.

Alternativ 1:

34 skular. I vårt område er det framlegg om å slå saman U.Pihl og Åsane vidaregåande til ein skule og å slå saman Garnes og Arna vgs. Dessutan er det framlegg om å legga ned Austrheim vidaregåande og overføra elevane til Knarvik og Åsane.

Alternativ 1 B

33 skular. Ikkje noko endring i vårt område i høve til alternativ 1.

VURDERING

Masfjorden kommunestyre bør i si høyringsfråsegn særleg seia noko om det vidaregåande skuletilbodet i Nordhordland.

Elevtal:

Talet på ungdommar i alderen 16-18 år i det som vert kalla Region nord, dagens Nordhordland pluss Vaksdal og Åsane, er venta å stiga frå om lag 3600 i dag til vel 3900 i 2024. Det er særleg Åsane, Meland og Lindås som vil få auke i talet på ungdommar. Knarvik vidaregåande skule har i dag om lag 900 elevar og er ein stor skule. I heile fylket er det berre Årstad vidaregåande skule som er større. Knarvik vil skuleåret 2024/25 ha 1120 elevar etter at Austrheim er lagt ned og elevane derfrå er overførte til Knarvik og Åsane. På den tid vil U.Pihls skole og Åsane vidaregåande vera samanslegne til ein skule med om lag 1085 elevar.

Både frå lærar- og elevhald vert det peika på at ein skule med så høgt elevtal som Knarvik vil få, vert stor og uoversiktleg. Det vil bli fulle klassar og mindre høve for den einskilde eleven å få tilpassa opplæring. Knarvik vidaregåande vil i framtida vera ein svært stor skule sjølv om ikkje dei 250 elevane som går på Austrheim, vert overført dit.

Reisetid:

Det har vore eit uttalt ynskje at elevar ikkje skal ha meir enn ein times reise ein veg til vidaregåande skule og at elevar i alle fall det fyrste året skal sleppa å flytta på hybel. Dersom Austrheim vidaregåande skule vert lagt ned, vil mange av dei elevane frå Masfjorden som kunne gått der, måtte flytta på hybel fordi dei elles vil få ei uakseptabel lang reisetid. Me veit òg at heimbygda både på kort og lang sikt taper på at elevar flyttar ut og bur på hybel. Det er dette skuleåret 17 elevar frå Masfjorden som går på Austrheim vidaregåande skule.

Samarbeid med næringslivet:

Austrheim vidaregåande ligg nær eit av dei viktigaste industrisentra på Vestlandet og har utvikla eit godt og nært samarbeid m.a. med Statoil Mongstad. Næringslivet i regionen vil ha eit aukande behov for arbeidskraft i tida framover. Det er difor lite framtidsretta å leggja ned ein skule som er så nært knytt til lokalt næringsliv. Då bør det heller vera aktuelt å byggja opp ein fagskule knytt til Austrheim vidaregåande og med ei spesialisering som høver i næringslivet her.

Andre utdanningsprogram:

I den nye skulebruksplanen for Hordaland fylkeskommune må det vera rom for to nye utdanningsprogram i Nordhordland, nemleg musikk, dans og drama og idrettsfag. Musikklivet står sterkt i Nordhordland og det ville ikkje vera unaturleg om det vert gjeve eit utdanningstilbod i musikk, dans og drama her.

KONKLUSJON

Masfjorden kommunestyre sender følgjande høyringsfråsegn til Hordaland fylkeskommune: Masfjorden kommunestyre har merka seg at Hordaland fylkeskommune i framlegget til ny skulebruksplan går inn for å leggja ned Austrheim vidaregåande skule.

Masfjorden kommunestyre er sterkt usamd i dette framlegget. Austrheim vidaregåande skule er viktig for elevane frå Masfjorden. Elevane som går der, kan bu heime medan dei går på vidaregåande skule. Skulen er òg ein viktig samarbeidspart for næringslivet i nordre delen av Nordhordland. Det lokale næringslivet har god bruk for den kompetansen som skulen kan gje, og elevane på skulen får god kjennskap og eit godt tilhøve til næringslivet. Det vil vera viktig for rekruttering i framtida. Dette er eit tilhøve som det er lagt altfor lite vekt på i framlegget til skulebruksplan.

Dersom Austrheim vidaregåande skule vert lagd ned, vil våre elevar måtte reisa til Knarvik eller Åsane for å gå på skule. Det vil føra til at fleire av dei må bu på hybel alt frå VG1. Ut frå det me veit om utviklinga i folketalet, vil Knarvik vidaregåande skule veksa sjølv om ikkje elevane som kunne gått på Austrheim, vert overførte dit. Masfjorden kommunestyre synest det er uheldig at Knarvik vidaregåande får så store klasser at det kan gå ut over det tilbodet til kvar einskild elev.

Både ut frå omsyn til elevane, til dagens næringsliv og til vidare utvikling i nordre delen av Nordhordland, meiner Masfjorden kommunestyre at det er viktig å oppretthalda tilbodet ved Austrheim vidaregåande skule.

Masfjorden kommune meiner vidare at det må bli gitt tilbod om utdanningsprogramma musikk, dans og drama og idrettsfag i Nordhordland.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	04.09.2012	013/12	Aina Isdal Haugland
Kommunestyret	13.09.2012	075/12	Aina Isdal Haugland

Arkiv: N-101, N-671

Arkivsaknr.: 10/704

SAK 075/12 - RULLERING / UTARBEIDING AV STRATEGISK NÆRINGSPLAN 2012 - 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonen ser nærare på nokre utbetringar innanfor landbruk og tek med Kraftfondstyret sine diskusjonar til handsaming i kommunestyret 13/9-12.

Finansiering

Ingen finansieringsbehov for utarbeiding av planen, men som ein følgje av ferdigstilt plan når den ligg føre. Rådmannen ynskjer å bruke eigne ressursar i utarbeidinga av planen.

Heimel

Ma. KS 50/2010 og KRFT 10/704

KRFT-013/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Strategisk næringsplan vert vedteken slik den ligg føre med nokre små endringar.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 04.09.2012:

Samfunnsutviklar Aina Isdal Haugland orienterte om saka. Landbrukssjefen hadde ingen store endringar, men vil sjå vidare på det som ligg i saka når ein skal utarbeida landbruksplan. Eit framlegg om å ta med gruppene som har drive med lokalsamfunnsutvikling har kome inn etter fristen.

Ordførar meinte det er viktig å få med interessentar i anleggsfasen til dei store utbyggingane som er planlagde i kommunen.

Det vil i utgangspunktet vere nyttig å satse på små bedrifter i kommunen, sjølv om det kan koma ledig areal på Haugsvær til litt større bedrifter.

I Swot analysen bør det leggjast til satsing på arbeidsplassar i tilknytning til marine næringar, slik Business Region Bergen har spela inn. I tillegg kom framlegg om å byggje eit kaiområde i samband med næringsareal. Kommunen bør visa interesse om private aktørar tek initiativ til dette.

Røysting:

Kraftfondsstyret rår samrøystes kommunestyret til å vedta strategisk næringsplan slik den ligg føre.

KS-075/12 VEDTAK:

Strategisk næringsplan vert vedteken slik den ligg føre med desse endringane gjort i møtet:

Pkt. 3.1 Styrkar:

- Matre havbruksstasjon
- s. 12 under 4.4. Entreprenørskap: NVE rettast til BKK.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Frode Langhelle opplyste om at han sit som leiar i Masfjorden næringsforum og spurde om han var ugild.

Kommunestyret vedtok samrøystes at Langhelle var gild.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret gav uttrykk for at det var ein godt gjennomarbeidd plan.

Marit Steinestø, KrF, synte til siste punkt under Framtidsutsikter. Ho refererte til kraftfondsstyret den 04.09. der det vart sagt at Havbruksstasjonen skulle nemnast i vår strategiske næringsplan. Ho ba om at det blir teke inn i planen.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at det ville vera betre å ta dette med under pkt. 3.1 Styrkar.

Vigdis Søvik, Sp, etterlyste referat frå arbeidet som er gjort i gruppe for lokalsamfunnsutvikling. Søvik ber om at det vert arbeidd inn i strategisk næringsplan det arbeidet som har vorte utført i dei 4 åra desse gruppene har vore i drift.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at det vil vera meir naturleg å ta dette inn i saka om lokalsamfunnsutvikling som kjem opp i oktober.

Arthur Sjursen, Ap, sa at dette er ein god plan som kan jobbast vidare med.

I formannskapet (sak om planstrategi) var det teke med å laga ei brosjyre som synte kvar det var bustadtomtar i kommunen.

Øystein B. Strand, V, synte til pkt. 4.2 Omdømebygging og marknadsføring under Tiltak: ”Heve kompetansen innanfor omdømebygging og la private representere kommunen på møter, kurs og samlingar.” Strand sa at han såg ein fare i dette.

Ordførar Karstein Totland svara: Kurs som er tenkt på i denne samanhengen er ikkje kurs som vil binda opp kommunen på noko vis. Det er teke med i planen og er basert på eit innspel frå ein av høyringsinstansane.

Det vart synt til ein skrivefeil side 12 i dokumentet. Det står NVE, men det skal vera BKK

Røysting:

Tilrådinga frå Kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke med endringar gjort i møtet.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	10.05.2012	Masfjorden næringsforum	Melding om vedtak - Rullering/utarbeiding av strategisk næringsplan 2012 - 2016
4	U	11.05.2012	Masfjorden næringsforum; Karstein Totland; Marit Steinestø	Melding om politisk vedtak - Planprosess strategisk næringsplan 2010 og 2011
6	U	29.06.2012	78 mottakere...	Strategisk næringsplan for Masfjorden 2012 - 2016 - høyring
9	I	21.08.2012	Business Region Bergen	Strategisk Næringsplan - Høringsuttalelse fra Business Region Bergen
7	I	21.08.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale - Høyring - Masfjorden - Strategisk næringsplan - 2012 - 2016
8	I	21.08.2012	Masfjorden Bonde- og småbrukarlag v/B.E. Nordland	Høyring strategisk næringsplan
16	I	22.08.2012	Olav Oerjan Daae	SV: Høyringsfrist strategisk næringsplan Masfjorden kommune
10	I	24.08.2012	Hogne Haugsdal	Strategisk næringsplan - uttale frå kommunane Lindås og Austrheim
11	I	24.08.2012	Stordalen Oppleving AS	Strategisk næringsplan for Masfjorden 2012-16 - Høringsuttale
15	I	27.08.2012	GMU v/ Størkersen Torill Torsvik	Høyring SNP
12	I	27.08.2012	Masfjorden Høgre v/Torsvik John T	VS: Høyringsfrist strategisk næringsplan Masfjorden kommune
14	I	27.08.2012	Masfjorden næringsforum v/ Størkersen Torill T	Høyringsuttale frå Masfjorden Næringsforum

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

KRFT-006/12 VEDTAK:

Rådmannen arbeider vidare med strategisk næringsplan.

Det vart etablert ei prosessgruppe med 2 deltakarar frå Masfjorden næringsforum; Evelyn Birkeland og Frode Langhelle (leiar), 2 frå kraftfondsstyret; Karstein Totland (ordførar) og Marit Steinestø (varaordførar) og 2 frå administrasjonen; Aina Isdal Haugland (samfunnsutviklar) og Torill Torsvik Størkersen (rådgjevar) som skal jobbe fram eit høyringsdokument til politisk handsaming innan 2012.

Planen skal gjelde for perioden 2012 – 2016, men med langsiktige strategiar i tråd med føreslått kommuneplan 2012 – 2023 og Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2010-2015, med perspektiv mot 2025.

KRFT-010/12 VEDTAK :

Strategisk næringsplan vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre med små justeringar.

HØYRING

Det har kome inn 9 uttalar. I tillegg har det kome ein e-post etter høyringsfristen. Den vart presentert for kraftfondsstyret.

UTTALE

Masfjorden næringsforum og Gulen og Masfjorden utvikling stiller seg bak høyringsutkastet og førstnemnde viser til at medlemmane sjølve kjem med uttalar.

Fylkesmannen er generelt positiv til høyringsutkastet og særskilt at me har tatt med samfunnsentreprenøren. Fleire konkrete tiltak innan landbruk bør vera med og me må ta omsyn til landbruksareal når me legg til rette for næringsareal.

Innspel frå Masfjorden Bonde og Småbrukarlag om å betre samarbeidet med landbrukskontoret og trekkje dei med i næringsarbeidet er no tatt med som del av tiltak. Eitt eige tiltak for å få drift ved nedlagde bruk er lagt til.

Stordalen Oppleving kjem med ei rekkje tiltak dei ønskjer å få inn. Nokre framlegg er mindre justeringar av det som alt er på planen, medan andre er større. Det å vidareutvikle Stordalen som regionalt reiselivsområde er lagt inn som tiltak. Å kunne vera med på å leggja til rette for at næringslivet lokalt kan få utbytte av NVE sine utbyggingar er noko dei meiner kommunen må setje ressursar på og konkretisere. Temamøte for å avklare interesse og moglegheiter, samt avklare kva som trengs av samarbeid, kompetanseheving, søknader er nemnt her. Dette er ikkje med i planen, men kan vere nyttig å diskutere nærare. Det vil i tillegg komme inn under ein meir overordna strategi om å styrke politisk og administrativt arbeid mot høgare forvaltningsnivå.

Å bruke GMU som kommunen sin reiskap i næringslivsarbeidet er noko me allereie gjer og som formannskapet har fatta vedtak om. Torill Torsvik Størkersen i GMU har vore ein viktig bidragsytar i prosessen med strategisk næringsplan, noko som har vore med på å styrke samarbeidet.

Etablering av næringsbygg er no presisert til Matre og Sløvåg.

Under punkt 4 om omdømebygging er teksten endra til: "Heve kompetansen innanfor omdømebygging og legge til rette for samarbeid mellom offentlege og private aktørar, mellom anna ved å la private representere kommunen på møter, kurs og samlingar"

Samarbeid med nabokommunane i Sogn og Fjordane er etterlyst i uttalen.

Nytt tiltak om infoskilt langs vegane er lagt til.

Naturen, reiseliv og opplevingar i naturen som vekstnæring er lagt inn som tekst i innleiinga.

Arbeide med næringsaksen Matre – Oppedal er eit anna tiltak dei ønskjer med på planen.

Dette går inn under samarbeid med GMU og nabokommunar og er ikkje med som eige punkt.

Lindås og Austrheim kommunar etterlyser større analysar og framstilling av kva som finst av næringsliv i Masfjorden. Samarbeid med nabokommunane og langsiktig arbeid retta mot mellom andre stat og fylkeskommune er andre punkt. Me har gjort eit medvite val om å ha ein kort næringsplan.

Difor er førstnemnde ikkje med, men det kan vera naturleg å sjå på om dette er informasjon som burde vore med anten her eller lett tilgjengeleg andre stader. Ei oversikt over det eksisterande næringslivet kan vera til nytte òg for dei som allereie bur her. Dette kan gjerast lett tilgjengeleg på nettsidene til kommunen, MNF eller GMU. Eit nyttig spørsmål er då; kva vil me med næringsplanen vår?

Når det gjeld punktet om samarbeid med nabokommunar og arbeidet mot høgare forvaltningsnivå er dette eit viktig poeng. Ikkje berre for næring, men for den totale samfunnsutviklinga både i kommunen og regionen er det naudsynt å styrke både administrativt og politisk samarbeid. Strategiar for dette vil vere naturleg å sjå i samband med plan for samfunnsutvikling der ein går i større detalj, men er no lagt inn under kapittel 1.1. Lindås og Austrheim saknar ei avklaring av kvar dei 50 arbeidsplassane skal kome og om det er ei stor ny bedrift, 10 nye mindre bedrifter eller vekst i eksisterande bedrifter som er målet. I det vidare arbeidet med planen kan det dessutan vere nyttig å diskutere kommunen si rolle og kva ein god vertskapskommune er.

Business region Bergen kommenterer planen dei har utarbeidd for heile regionen. Denne har me brukt som eit av utgangspunkta i arbeidet med vår plan, men i det vidare arbeidet med å spissa denne vil det vera naturleg å gå gjennom BRB sin plan på nytt.

Høgre spelar inn tiltak i samband med samhandlingsreforma og folkehelse der dei meiner Masfjorden kommune bør ha gode føresetnader for å utvikle private tilbod. Dette avsnittet er eit godt og viktig innspel som har kome med i planen.

Dei ønskjer å ha næringsprisen som ein næringspris, og påpeikar at det å utvikle den til ein pris for samfunnsentreprenørskap kan bere preg av for mykje idealisme heller enn næring. Koplinga mellom samfunnsentreprenørskap og folkehelse kan her vere god. Nettopp i samband med samhandlingsreforma og nye måtar å tenkje folkehelse på der kommunen kan vera med på å leggja til rette for private aktørar og næringsutvikling kan samfunnsentreprenørskap visa seg grunnleggjande for ei vidare utvikling av samfunnet vårt. Det treng ikkje vere ein motsetnad mellom idealisme og næring og det er fullt mogleg å ønskje å gjere samfunnet til ein betre stad og samstundes tene pengar på det.

Nytt avsnitt om landbruk er tatt med. Det same er tiltak om at administrativ leiing må kunne gje rask og tilstrekkeleg asisstanse for å etablere og vidareutvikle verksemd, næringsareal og lokalitetar og å styrke læringsnivået og breidden i den vidaregåande skulen i regionen. Vidareutvikle kombinerte teoretisk/praktisk studieløp som TAF og at lokalt næringsliv og kommune tilbyr hospitering. Nytt avsnitt om næringsareal er tatt med. Innspel om bru og infrastruktur er allereie med i planen. Høgre har i tillegg sendt inn ein handlingsplan.

Ørjan Daae etterlyser designmast og regulering til naturpark på Kråkehaugane. Natur og husdyr vil vere viktige delar av ein slik park. Under tiltak er "Utnytte store investeringar i kommunen til vekst" endra til "Utnytte store investeringar i kommunen til vekst, mellom anna ved næringsbygg, naturpark og autorisasjonar."

Havsportveka er ei satsing som byggjer på natur og kultur i området. Denne har ein del organisatoriske element som gjer at den kan vere interessant å sjå nærare på og kunne samarbeide med nabokommunane om. Å bruke fjorden som transportveg opnar for nye måtar å samarbeide på. Dette punktet er lagt til av administrasjonen.

FAKTA

Kvifor næringsplan?

Kommunalt utviklingsarbeid er eit innsatsområde i kommunane. Det er difor viktig for kommunen å tenkja gjennom kva han vil når det gjeld næringsutvikling og tiltaksarbeid. Til dette kan eit planarbeid vera til god hjelp.

Næringslivet i kommunen har ei viktig rolle i alt som har med næringsutvikling og nærings saker å gjera. Det er i verksemdene resultatane viser seg. Kommunen er ein hjelper, pådrivar og tilretteleggjar, og har no i tillegg GMU på dette området. Kommunen skal ikkje driva næringsplanlegging på vegne av næringslivet, men saman med næringslivet. Eit planarbeid som kommunen og næringslivet går saman om, vil difor vera viktig – slik at næringsforumet må vere med i det vidare arbeidet.

Gjennom eit planarbeid har ein større høve til å tenkja langsiktig og vektleggja langsiktige utfordringar. Det er utarbeidd eigne strategiske næringsplanar for Hordaland fylke, BRB etc. Ein eigen kommunal næringsplan vil vera ei viktig utfylling av desse planane.

Masfjorden kommunestyre gjorde i KS sak 50/2010 vedtak om at det skal utarbeidast ein strategisk næringsplan for Masfjorden kommune.

Kva er strategisk næringsplanlegging?

Strategisk næringsplanlegging er:

- ei arbeidsform/ ein prosess
- eit plandokument/ eit styringsverktøy

Arbeidsforma er kjenneteikna ved brei deltaking (politikarar, administrasjon, næringsliv, organisasjonar o.a.) der dei ulike miljøa og einskildpersonar deltar i eit forpliktande samarbeid som likeverdige partar. Arbeidet med sjølve plandokumentet skal ikkje vera eit mål i seg sjølv, men eit verktøy for å skapa betre samhandling mellom ulike miljø. Å utvikla, vedlikehalda og forsterka denne samhandlinga utgjør mykje av hovudinnhaldet i strategiske næringsplanlegging.

Strategisk næringsplanlegging vert gjerne samanlikna med eit orienteringsløp. For at ein orienteringsløpar skal kunna gjera bruk av kart og kompass, må han vita to ting:

- kvar han er (ståstad)
- kvar han skal (målet)

Utan kunnskap om ståstad og mål vil det vera uråd å gjera bevisste og gode vegval. Slik er det også i arbeidet med næringsutvikling. Før ein definerer tiltak og verkemiddel må ein vera samd om korleis situasjonen er og kvar ein vil. Så vel ein vegen vidare.

Kvifor strategisk næringsplanlegging?

Gjennom ein strategisk planprosess fokuserer ein på dei viktigaste utviklingstrekk og utfordringane innan det området ein planlegg for, slik at ein kan danna heilskapsbilete av framtida og utforma handlingsstrategiar i høve til desse bileta. Viktige element i planprosessen vil difor vera å:

- klargjera no – stoda
- definera mål for framtidig utvikling
- velja strategiar for å nå måla

Føremålet med næringsplanlegginga

er m.a. å:

- styrka næringslivet i kommunen
- få fram kva saker/ tiltak som er viktige for næringslivet og næringsutviklinga
- etablera ein næringspolitikk som politikarar, næringsliv og administrasjonar er samde om
- utvikla eit aktivt samspel/ samarbeid mellom kommune, næringsliv og andre aktørar innan næringsutviklinga

Viktige føresetnader for planarbeidet

- Arbeidet må vera målretta
- Næringslivet må spela ei viktig rolle
- Næringslivet må vera ein likeverdig samarbeidspartnar under planarbeidet
- Næringsplanlegginga må vere tverretatleg
- Arbeidet må vera forpliktande
-

MÅL FOR NÆRINGSUTVIKLINGSARBEIDET

- Auke folketalet i kommunen
- Tilretteleggje for fleire arbeidsplassar
- Eit hovudmål for utviklinga i Masfjorden kommune er å halde oppe livsstandarden på same nivå som i dag. Dette er det politiske målet, og det legg indirekte klare føringar på dei mål som må setjast for næringsutviklinga i kommunen.
- Folketalet ligg i dag ned mot minimumsgrensa for at dei offentlege tilbod som finst i kommunen kan haldast oppe med eit desentralisert mønster som i dag. Masfjorden er svært sårbar for ein eventuell svikt i inntektene i samband med kraftproduksjonen, og endringar i inntektssystemet for kommunane, og for å sikre kommunekassen mot lågare inntekter i åra som kjem, må næringsverksemda styrkast.
- Tilrettelegging av bustadfelt (primært gjennom private aktørar)
- Styrke samferdsel i kommunen – satsing bru over Masfjorden

VURDERING

Det kan vera tenleg å drøfta meir rundt kva me vil med næringsplanen vår, kommunen si rolle og kva ein god vertskapskommune er. Samarbeid med kommunane rundt er eit anna aktuelt tema. Det same er NVE og utbyggingane deira. Landbruk kan styrkast noko i ein endeleg plan, men dette må i så fall samordnast med landbruksavdelinga.

KONKLUSJON

Administrasjonen ser nærare på nokre utbetringar innanfor landbruk og tek med diskusjonane Kraftfondstyret har til kommunestyret 13/9-12.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.09.2012	073/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	13.09.2012	076/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-022.3

Arkivsaknr.: 12/119

SAK 076/12 - NYTT TEKNISK UTVAL - OPPRETNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting i formannskapet
(elles jf. konklusjon)

Finansiering

Heimel

Kommunelova § 10

FS-073/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kulepunkt 1:

- Masfjorden kommunestyre opprettar Utval for Teknisk, Miljø, Landbruk og Utvikling. (TMLU eller Teknisk utval). Utvalet får ansvar for bygge- og delesaker, private reguleringsplanar, landbrukssaker, herunder konsesjonssaker, saker etter matrikkellova, miljø og forureiningssaker, saker som høyrer inn under tema vilt og fisk og delegerte saker som er heimla i Plan- og bygningslova.

Øvrige plansaker høyrer inn under formannskapet sitt virkeområde.
Formannskapet er også klageinstans på vedtak fatta av TU.

Utvalet rapporterer gjennom møtebok til formannskapet.
Formannskapet og kommunestyret kan tildela saker til utvalet.

Utvalet vert oppretta med verknad frå 01.11.2012. Utvalet har 5 medlemmer med varamedlemmer. Delegering til utvalet, herunder fullmakter må vedtakast av kommunestyret i samband med delegeringsreglementet/val av medlemer til utvalet.

Utvalet vert evaluert etter eit år og ved utgangen av valperioden.

Kulepunkt 2:

- Målsettinga til kommunestyret er å betra den demokratiske prosessen gjennom:
 - Å arbeida for betre likebehandling
 - Klarare retningslinjer og raskare avgjerder
 - Fokusering på brukarane av tenestene
 - Få eit meiningsfullt og engasjerande arbeidsområde for dei folkevalde

Det skjedde i Formannskapet den 04.09.2012:

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø og teknisk sjef Terje Kallekleiv var tilstades under handsaming av denne saka.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka og sa at kommunestyret er suveren til å oppretta dei utvala dei vil. Han sa m.a. at overordna planar og styringsdokument bør liggja til formannskapet.

Saka vart grundig drøfta.

Masfjorden Høgre v/Lene Hansen Kvamsdal, sette fram slikt framlegg til vedtak:

Sak 073/12 Nytt teknisk Utval:

Masfjorden kommunestyre opprettar Utval for Teknisk, Miljø, Landbruk og Utvikling. (TMLU eller Teknisk utval). Utvalet får ansvar for bygge- og delesaker, private reguleringsplanar, landbrukssaker, herunder konsesjonssaker, saker etter matrikkellova, miljø og forureiningssaker, saker som høyrer inn under tema vilt og fisk og delegerte saker som er heimla i Plan- og bygningslova.

Øvrige plansaker høyrer inn under formannskapet sitt virkeområdet. Formannskapet er også klageinstans på vedtak fatta av TU.

Utvalet får ansvaret for arbeidet med Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden 2012 – 2015.

Utvalet samarbeider med formannskapet i saker som overlappar ansvarsområde. Utvalet rapporterer gjennom møtebok til kommunestyret.

Utvalet vert oppretta med verknad frå 01.11.2012. Utvalet har 5 medlemmer med varamedlemmer. Delegering til utvalet, herunder fullmakter må vedtakast av kommunestyret i samband med delegeringsreglementet/val av medlemmer til utvalet.

Utvalet vert evaluert etter eit år og ved utgangen av valperioden.

Målsettinga til kommunestyret er å betra den demokratiske prosessen gjennom:

- *Å arbeida for betre likebehandling*
- *Klarare retningslinjer og raskare avgjerder*
- *Fokusering på brukarane av tenestene*
- *Få eit meiningsfullt og engasjerande arbeidsområde for dei folkevalde*

Drøftinga held fram.

Egil Kvingedal, V, spurde om noko i skjemaet med prosessflyten som partia la fram er i strid med regleverket?

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svarta at skissa med prosessflyt er heilt grei.

Kvingedal ba rådmannen leggja fram sine bekymringskommentarar i høve oppretting av nytt teknisk utval til kommunestyret.

Arthur Sjursen, Ap, spurde om det nye utvalet ville bli pålagt å ha møta frå kl. 16.00 og utover?

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svarta at vi har gjeldande vedtak på at politiske møter startar kl. 16, men av praktiske årsaker har valt å gjennomføre ein del dagmøter siste periodar samt at me har eit budsjett å forholde oss til. Posten for tappt arbeidsforteneste har vorte overskriden dei seinare år. Han sa at i mange andre kommunar har dei kommunale møte på kveldstid.

Det vart spurt om korleis klageadgangen ville vera i høve saker som vart handsama i eit nytt teknisk utval.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø sa at eit utval som har gjort eit vedtak skal ha moglegheit til å gjera om på vedtaket då det kan ha kome nye opplysningar i ei sak. Dersom utvalet held fast på sitt vedtak er det formannskapet som er formelt klageorgan.

Midtbø sa at formannskapet og kommunestyret til ei kvar tid kan leggja konkrete oppgåver i ymse saker til eit nytt utval.

Teknisk sjef Terje Kallekleiv sa at med eit nytt teknisk utval så ville det blir meir ressurskrevjande for administrasjonen utan at ein nødvendigvis vil oppnå det som er tenkt i høve bestillinga frå kommunestyret.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at formannskapet må arbeida seg gjennom saka og koma med ei konkret innstilling til kommunestyret.

Arthur Sjursen, Ap, ba teknisk sjef leggja fram ei skriftlig utgreiing til kommunestyret om hans syn på denne saka.

Egil Kvingedal, V, gjorde framlegg om at ein går for Høgre sitt framlegg med desse rettingane:

- Denne setninga går ut: Utvalet får ansvar for arbeidet med Lokalsamfunnsutvikling.
- Denne setninga går ut: Utvalet samarbeider med med formannskapet i saker som overlappar ansvarsområdet.
- Utvalet rapporterer gjennom møtebok til formannskapet.

Formannskapet slutta seg til Venstre sitt framlegg til rettingar i Høgre sitt framlegg. Formannskapet drøfta siste avsnitt i framlegget frå Høgre som omtala målsettingar for utvalet.

Ordførar Karstein Totland orienterte i høve røysinga.

Han sa at ein fyrst røyster over første delen i framlegget frå Høgre med rettingane frå Venstre. Dette vert kulepunkt 1.

Kulepunkt 2 vert målsettingane.

Røysting:

Kulepunkt 1 vart samrøystes vedteke.

Kulepunkt 2 vart samrøystes vedteke.

KS-076/12 VEDTAK:

Kulepunkt 1:

- **Masfjorden kommunestyre opprettar Utval for Teknisk, Miljø, Landbruk og Utvikling. (TMLU eller Teknisk utval). Utvalet får ansvar for bygge- og delesaker, private reguleringsplanar, landbrukssaker, herunder konsesjonssaker, saker etter matrikkellova, miljø og forureiningssaker, saker som høyrer inn under tema vilt og fisk og delegerte saker som er heimla i Plan- og bygningslova.**

Øvrige plansaker høyrer inn under formannskapet sitt virkeområde.

Formannskapet er også klageinstans på vedtak fatta av TU.

Utvalet rapporterer gjennom møtebok til formannskapet.

Formannskapet og kommunestyret kan tildela saker til utvalet.

Utvalet vert oppretta med verknad frå 01.11.2012. Utvalet har 5 medlemmer med varamedlemmer. Delegering til utvalet, herunder fullmakter må vedtakast av kommunestyret i samband med delegeringsreglementet/val av medlemmer til utvalet.

Utvalet vert evaluert etter eit år og ved utgangen av valperioden.

Kulepunkt 2:

- **Målsettinga til kommunestyret er å betra den demokratiske prosessen gjennom:**
 - **Å arbeida for betre likebehandling**
 - **Klarare retningslinjer og raskare avgjerder**
 - **Fokusering på brukarane av tenestene**
 - **Få eit meiningsfullt og engasjerande arbeidsområde for dei folkevalde**

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Ordførar Karstein Totland refererte tilrådinga frå formannskapet og sa at dette er ei bestillingssak frå kommunestyret.

Saka vart drøfta.

Vigdis Søvik, Sp, sa at Senterpartiet er av dei som ynskjer eit breiare politisk engasjement.

Ho sa ein veit ikkje heilt om ting vil verta betre, men vil gå inn for å prøva dette.

Det er viktig at det og vert ei raskare handsaming.

Ho sa at Senterpartiet vil støtta tilrådinga frå formannskapet.

Egil Kvingedal, V, ba rådmannen leggja fram administrasjonen sitt syn på dette.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, sa at det var ei brei drøfting i formannskapet. Administrasjonen må ha større fokus når ein skal ha fleire utval i tillegg til formannskapet. Dette kan gå på bekostning på planarbeidet.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	07.03.2012	Hans Daae; Lillian Andvik; Ragnvald Tangedal; Tove Kristin Sleire Tistel; Ørjan Daae	Møteinnkalling - politisk organisering av arbeidsoppgåver
3	I	21.06.2012	Alle partia v/Egil Kvingedal	Fellesframlegg til kommunestyret 21.06.2012 til nytt politisk utval

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Følgjande bestilling er henta frå møteboka til kommunestyret 21.06.12 i sak 067/12 Skriv og meldingar under overskrifta dette skjedde i kommunestyret den 21.02.2012 og vart samrøystes oversendt rådmannen:

Bakgrunn:

Det har sia dette kommunestyret blei konstituert vore på snakk om etablering av eit nytt utval som inkluderer teknisk, miljø, landbruk, vilt og fisk. I påvente av dette har behandlinga av delegeringsforskrifta latt vente på seg. Som eit felles forslag frå alle partia, fremmas derfor følgjande forslag:

Forslag:

Det opprettas eit nytt utval som overtar oppgåvene som FUP og Vilt og Fisk innehar i dag. Dette utvalet blir satt med 5 medlemmer valt av kommunestyret. Forslagsstillarane ser for ein prosessflyt i sakshandsaming som vist i vedlegget til dette forslaget.

Utvalet si forvaltning heimlast i følgjande lovverk (som angitt i dagens delegeringsforskrift):


Plan og Bygningslova av 14.juni 1985 nr 77 kapittelIII- X, og vedtak utbyggingsplanar Friluftsløva av 28.juni 1957 nr16 §40 om å stanse og fjerne ulovlege byggverk, vert delegert til dette utvalet Vedtaksmynde i saker etter viltlova og lov om lakse -og innlandsfiske

Kommunestyret kan også delegere andre saker til dette utvalet.

Hensikt

Hensikta med dette utvalet er å betra den demokratiske prosessen, gjennom betre likebehandling, klårare retningslinjer, bevisstgjerung, og samstundes få eit utval som har eit «mindre» og meir spissa arbeidsområde enn kva formannskapet i dag har. Dersom dette forslaget blir vedtatt, er det ein naturlig prosess og be administrasjonen utarbeide forslag til endring av delegeringsforskrifta

Framlegget er skjematisk vist slik av forslagsstillarane:



FAKTA

Heimelen for kommunestyret til å opprette faste utval og komitear finn ein i Kommuneleva § 10. *Faste utvalg. Komiteer.*

1. Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette faste utvalg for kommunale og fylkeskommunale formål eller for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomhet. Slike utvalg skal ha minst tre medlemmer.
2. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv området for de faste utvalgs virksomhet. Slike utvalg kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.
3. Kommunestyret og fylkestinget velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder.
4. Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

5. Kommunestyret og fylkestinget kan opprette komiteer til forberedende behandling av saker og til å utføre særskilte verv. Slik komité kan også tildeles myndighet til å avgjøre enkeltsaker som har direkte tilknytning til komiteens oppdrag.

6. Kommunestyret og fylkestinget kan selv når som helst omorganisere eller nedlegge faste utvalg og komiteer. En komité kan også omorganiseres eller nedlegges av det organ som har fått myndighet til å opprette vedkommende komité.

Av dette går det fram at kommunestyret står fritt til å opprette og nedlegge komitear etter eige skjønn. Dette er også innarbeidd i reglement for Masfjorden kommunestyre.

Framlegget frå kommunestyret om etablering av eit nytt utval som inkluderer teknisk, miljø, landbruk, vilt og fisk påverkar innhaldet i formannskapet sitt arbeidsfelt og inneber nedlegging av utval for vilt og fisk. Formannskapet har tidlegare vore personidentisk med medlemmene i fast utval for plansaker. Etter pbl av 2008 er det ikkje lenger krav om eige planutval.

Ein gjennomgang av saksmengda for formannskap, fast utval for plansaker og kommunestyret dei siste åra er vist under:

År	FUP	FS	Totalt	KS
2009	77	91	168	105
2010	59	106	165	108
2011 tom okt	35	88	143	147
2011 nov og des		20		
2012 tom juni		69		70

Oversyn over tal møter og saksmengde for utval for vilt og fisk:

År	Tal møte	UVF
2009	1	7
2010	2	7
2011	3	13
2012 tom juni	2	6

Ein stor del av arbeidsmengda for formannskapet har vore knytt til planarbeid. Formannskapet har og fått møtebok for alle delegerte vedtak frå teknisk, miljø og landbruk som politisk sak og brukt noko tid på gjennomgang av desse vedtaka.

Utval for vilt for fisk har hatt få møter og begrensa tal saker sidan det vart oppretta, jf tabell. Medlemmene i utvalet har gitt uttrykk for at det har vore vanskeleg å få god flyt i utvalsarbeidet med så få saker og så få møte, og det politiske arbeidet har blitt lite meningsfullt.

Tidlegare politisk organisering i Masfjorden kommune

Etter endringane i kommunelova i 1992, vart politisk organisering i Masfjorden kommune endra av kommunestyret i 1995. Hovudutval for oppvekst og omsorg og hovudutval for teknisk (UTUM) vart oppretta, og fagutval som skulestyre, helse- og sosialstyre, kulturstyre m.v. vart lagt ned. I 1996 og 1998 vart den administrative organiseringa tilpassa dette.

I 2001 vart dette endra: Følgjande vedtak vart gjort av Masfjorden kommunestyre:

1. Dei to hovudutvala blir lagt ned som ei prøveordning for to år.
2. Organiseringa blir evaluert våren 2003. Kommunestyret set ned ei nemnd som har ansvaret for dette arbeidet.
3. Brukarutvalet held fram. Kommunestyret kan delegera saker til dei etter nærare vurdering..
4. Det blir oppretta eit utval for vilt og fisk. Utvalet har tre til fem medlemmer. Kommunestyret kan delegera saker til dei etter nærare vurdering.

I 2003 vart den politiske organiseringa gjennomgått og evaluert av ei nemnd nedsett av kommunestyret. Hovudutvala vart ikkje innført på nytt, men spørsmålet om politisk engasjement og meiningsfulle arbeidsoppgåver for lokalpolitikarane vart grundig drøfta og belyst i vedtak **frå Kommunestyret, den 22.05.2003:**

Det er viktig at det vert lagt til rette for eit større politisk engasjement. Gruppa kjem med fylgjande framlegg for å utvikla dette:

- ◆ Ordning med saksordførar i einskildsaker som skal til kommunestyret.
- ◆ Det vert vurdert å setje ned arbeids/prosjektgrupper i større einskildsaker som er under førebuing til kommunestyret.
- ◆ Det vert orientert om ordning og høve til å rette direkte spørsmål til kommunestyret (spørjetime) i media og ellers innbyggjarar som er engasjert i einskildsaker eller politisk arbeid generelt.
- ◆ Det vert lagt til rette for gjennomføring av temamøte i kommunestyret. Kommunestyremedlemmene må oppmodast om å kome med framlegg om tema. I tillegg vil rådmannen kunne foreslå tema.
- ◆ Det må vurderast å ha fleire kommunestyremøte enn i dag.
- ◆ Ordninga med open post i kommunestyret må reetablerast.

Gjeldande reglement for Masfjorden kommunestyre er i tråd med dette vedtaket.

Sidan 2003 har det ikkje vore sett ned noko politisk utval for å vurdere politisk organisering, og endringsframlegg har ikkje kome før det som no ligg føre.

Det er få kommunar som har berre eit **eige utval til** tekniske saker. Det vanlege er å enten ha tre hovudutval for teknisk, oppvekst og helse eller ikkje ha sektorutval i det heile. Det er likevel så stor skilnad på korleis kommunane organiserer seg at det er vanskeleg å samanlikne oss med andre kommunar.

VURDERING

Rådmannen oppfattar bestillinga frå kommunestyre slik:

- Kommunestyret ønskjer å etablere nytt teknisk utval som inkluderer UVF
- Saksgangen skal følgje skissert prosessflyt

Målsettinga til kommunestyret er å betre den demokratiske prosessen gjennom

- å arbeida for betre likebehandling
- klarar retningslinjer
- bevistgjering
- få eit mindre og spissa utval (enn formannskapet)
- få eit meningsfullt og engasjerande arbeidsområde for politikarane

Samstundes har kommunestyret / formannskapet gitt uttrykk for at ein ønskjer å styrke formannskapet som kollegialt organ. Ein ønskjer at alle formannskapsmedlemmene skal vere godt orientert om aktuelle saker og verte betre rusta til å drive eit aktivt strategisk arbeid overfor sine moderparti i saker som betyr mykje for Masfjorden. Det beste eksemplet me har på det er arbeidet med Masfjordsambandet.

Formannskapet er økonomiutval (heimla i kommuneloven) og er ansvarleg for å fremme budsjett og økonomiplan med handlingsplanar til kommunestyret. Formannskapet er dermed ansvarleg for å gjere heilskapelege vurderingar i den kommunale drifta og innstille på prioriteringar mellom dei ulike sektorane når dette er naudsynt. For å kunne ivareta denne oppgåva, så er det viktig at formannskapet som overordna strategisk organ og tilretteleggjar for kommunestyret, ikkje vert svekka. Når rådmannen vurderer framlegget om oppretting av eit nytt teknisk utval, er dette eit viktig prinsipp. Det må ikkje bli kompetansestrid mellom formannskapet og teknisk utval.

Då Masfjorden kommune la ned hovudutvala var grunngevinga knytt til følgjande moment:

- Utvala hadde liten eller ingen reell mynde fordi sakene vart ført vidare til formannskap og kommunestyre.
- Utvala hadde ingen budsjettramme, og saker som fekk økonomiske konsekvensar måtte handsamast i formannskap og kommunestyre.
- Utvala vart for sektoropptatte og tok ikkje heilskapelege omsyn.
- Kommunen hadde store økonomiske nedskjeringar med reduserte administrative ressursar, og det var også naudsynt å kutta kostnader på politisk område.
- Utvala verka byråkratiserande fordi kurante saker som kunne takast administrativt måtte vente til neste utvalsmøte og ferdig sakshandsaming til utvalsbehandling.

Ved evalueringa av den politiske organiseringa i 2003, vart det lagt til rette for arbeidsformer som skulle sikre politisk engasjement, sjå vedtak sitert under faktadelen i saka. Desse arbeidsformene er etter rådmannen sitt syn brukt i svært liten grad i det politiske arbeidet i Masfjorden.

Rådmannen ser at noko av hensikta med oppretting av utvalet er å betre likebehandling. Sikring av likebehandling skjer vanlegvis gjennom fagkompetanse og kjennskap og kunnskap om saker av liknande karakter som er handsama tidlegare dvs ein posisjon som det til vanleg er vanskeleg for eit politisk utval å ha. Erfaring frå andre kommunar er også at ynskje om tettare politisk kopling til saksfeltet er knytt til ynskje om å inneha ein sterkare ombudsrolle og eller opptre i ein form for aksjonsdemokrati. Desse rollene kan vere konfliktskapande fordi dei kan undergrave fagadministrasjonen sin posisjon og dei overordna kommunale planane sin autoritet. Det er viktig at desse utfordringane blir drøfta politisk.

Rådmannen ser at det er eit ynskje om auka politisk engasjement og deltaking. Eit auka engasjement i teknisk utval kan gå på bekostning av engasjement i eit formannskap. Vi treng eit formannskap som har heilskapeleg kompetanse og som kan fungere som strategisk politisk organ. Dette er særskilt viktig med nytt lovverk som legg opp til samordna planarbeid og planoppfylgning innanfor alle sektorar der eks folkehelse skal inngå som viktig grunnlagselement i all plan og planoppfylgning. Dette må kommunestyret sjølv vurdere.

Utval for vilt og fisk vs teknisk utval

Slik rådmannen forstår bestillinga frå kommunestyret sitert under bakgrunn, skal utval for vilt og fisk leggest ned når det oppretting av teknisk utval vert vedteke. Arbeidsoppgåvene skal i sin heilskap overførast til teknisk utval.

Samansetting av teknisk utval

Rådmannen tilrår at teknisk utval bør vere samansett av minimum 3 -maksimum 5 medlemmer frå kommunestyret. Formannskapsmedlemmer bør ikkje vere medlem eller varamedlem i teknisk utval. Dette er grunna i at formannskapet er kommunen sitt klageorgan.

Administrative og økonomiske ressursar knytt til teknisk utval

Eit tekniske utval vil krevje auka administrative ressursar til oppfølging og drift av utvalet. Utvalet må ha jamlege møter om lag med same møtefrekvens som formannskapet. Ein må og pårekne synfaringar. Likeeins vil teknisk utval føra til auka utgifter til folkevalde organ.

Fullmakter til utvalet

I delegeringsreglementet står følgjande under overskrifta generelle reglar for bruk av delegert fullmakt:

Retningslinjer for utøving av fullmakt

All delegert fullmakt skal verte brukt i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gjeve av overordna organ, og innanfor budsjettammene og føresetnadene.

Tilbakekalling av fullmakt i enkeltsaker

Eit overordna organ kan krevje å få lagt fram for seg til avgjerd ei sak som eit underordna organ har til handsaming etter delegert fullmakt.

Rett til å la vera å gjera bruk av delegert fullmakt i særlege høve

Den som har fått delegert mynde, kan overlate til det overordna organet å gjere vedtak i spesielle saker.

Ingen må nytte delegert fullmakt til å gjere vedtak som er i strid med delegerande myndigheit sitt syn.

Omgjeringsrett

Eit overordna organ kan på eige initiativ gjere om eit underordna organ sitt vedtak i samsvar med forvaltningslova §35. I saker der parten/-ane ikkje har klageutgang på enkeltvedtak, må ei slik omgjerung ikkje finne stad etter at vedtaket formelt er gjort kjent for parten/-ane.

Mindretalsanke

I saker der utvalet har fått delegert vedtaksmynde frå kommunestyret/formannskapet, kan tre medlemmer, ordføraren eller rådmannen, krevje saka lagt fram for formannskapet/kommunestyret. Slike krav må setjast fram i møtet, og det skal verte ført inn i protokollen.

Partar sin klageutgang

Partar og andre med rettsleg klageinteresse har rett til å få vedtak overprøvd av klagenemnda i samsvar med reglane i forvaltningslova og særlover. Formannskapet er klagenemnd etter forvaltningslova.

Særreglar for budsjettfullmakter

Kommunen sitt økonomireglement viser fullmakter og sakshandsamingsreglar.

Kommunestyret er overordna organ for både formannskapet og teknisk utval og dette vil sei at kommunestyret fastset kva arbeidsoppgåver utvalet skal ha. Kommunestyret skal ha møtebok frå utvalet. Den skisserte prosessflyten i bestillinga er ufullstendig og viser ikkje dette ansvarsforholdet mellom utvalet og kommunestyret.

Arbeidsfordeling mellom formannskapet og teknisk utval

I bestillinga seier ein at teknisk utval skal overta alle saker som FUP hadde. Rådmannen kan ikkje sjå at det er tenleg. Dette ville innebære at utvalet skulle ha overordna strategisk planlegging og sektorplanar som td pleie- og omsorg og oppvekstplanar der desse før prosesskrava i plan- og bygningslova. Rådmannen tilrår difor slik arbeidsdeling mellom formannskapet og teknisk utval:

Plansaker

Rådmannen rår til at kommuneplanen og kommunedelplanar (både tema og areal) vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn av formannskapet. Formannskapet kjem og med tilråding til kommunestyret når det gjeld endeleg vedtak av planen. Rådmannen vil likevel peike på at kommunestyret sjølv kan oppnemne arbeidsgrupper i kvar sak. Arbeidsgrupper kan vere formannskapet eller eit utval valt for særlege tema i denne saka. Dette er heimla i reglement for Masfjorden kommunestyret men kommunestyret har i liten grad brukt dette verktøyet for å skape politiske engasjement.

Temaplanar / sektorplanar er ei kommunal oppgåve. Temaplanar / sektorplanar er eit større planarbeid som ofte skal dokumentere korleis kommunen løyser lovfesta oppgåver. Temaplanar / sektorplanar er nesten alltid ledd i ein kommunal utviklingsstrategi. Planarbeidet gjev ofte føringar for fleire sektorar og krev ei heilskapleg tilnærming. Det kan og vere naturleg å ha ei politisk styringsgruppe for arbeidet. Rådmannen tilrår at desse plansakene vert liggande til formannskapet og at dei tar stilling til brei medverknad i planprosessen ved for eksempel å etablert politiske arbeidsgrupper der dette er tenleg.

Områdeplanar er i utgangspunktet ei offentleg oppgåve, jf pbl § 12-2, men kommuneplanen opnar for ein privat områdeplan (Torsvik). Områdeplanar er eit større planarbeid som ofte er ledd i ein kommunal utviklingsstrategi. Planarbeidet kan verte dyrt og gjev ofte føringar for fleire sektorar og krev ei heilskapleg tilnærming. Det kan og vere naturleg å ha ei politisk styringsgruppe for arbeidet. Rådmannen tilrår at desse plansakene vert liggande til formannskapet men peiker på at formannskapet / kommunestyret sjølv kan oppnemne styringsgruppe i kvar sak. Styringsgrupper kan vere formannskapet, nytt utval eller eit utval valt for denne særlege saka.

For offentlege arealplanar der planarbeidet er initiert av kommunen, utført av kommunen eller private men betalt av kommunen rår rådmannen til vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn av formannskapet. Formannskapet kjem og med tilråding til kommunestyret når det gjeld endeleg vedtak av planen. Eksempel på slike plansaker er utviding av gravplassane.

For private reguleringsplanar som er heimla i overordna plan, utarbeidd og finansiert av private rår rådmannen til at vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn av nytt utval. Utvalet kjem og med tilråding til kommunestyret når det gjeld endeleg vedtak av planen. Eksempel på slike plansaker er hyttplanar i Stordalen heimla i kommunedelplan for Stordalen eller Liarinden bustadfelt heimla i kommuneplanen. Rådmannen forstår vedteke forlag om oppretting av nytt utval slik at det er i desse sakene som nemnd over at politikarane er særleg opptekne av framdrift, likebehandling og demokrati.

Bygge- og delesaker

Rådmannen rår til at dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova vert handsama i teknisk utval. Dette gjeld både saker der rådmannen har eit positiv og eit negativt framlegg til vedtak. Eit dispensasjonsvedtak som eventuelt blir påklagt, føl reglane i forvaltningslova.

Det organet som fatta vedtaket får høve til å vurderer klagen og å kome med si innstilling til klageorganet (formannskapet).

Saker som gjeld ulovleg bygging vert handsama i teknisk utval så langt lovverket tillet dette. Dette gjeld både saker som vert innmeldt til kommunen og saker som vert initiert av kommunen.

Landbrukssaker

Masfjorden kommune har hatt svært få politiske saker innafor dette fagområdet. Konesjons-saker er delegert rådmannen i dag med møtebok til formannskapet. Rådmannen rår til at møteboka for konsesjonssaker vert lagt til teknisk utval.

Saker etter matrikkellova

Masfjorden kommune har hatt svært få politiske saker innafor dette fagområdet. Retting i matrikkelen er delegert rådmannen i dag med møtebok til formannskapet. Rådmannen rår til at møteboka for desse sakene vert lagt til teknisk utval.

Forureiningsaker

Masfjorden kommune har hatt få politiske saker innafor dette fagområde. Rådmannen rår til at dette fagområde vert lagt til teknisk utval.

Andre politisk saker

Formannskapet har – som fast sak i kvart møte – delegerte vedtak. Dette er eit oversyn over delegerte vedtak fatta av rådmannen sidan sist møte. Dei fleste delegerte vedtaka er heimla i plan- og bygningslova. Rådmannen rår til at teknisk utval frå eit oversyn over desse delegerte vedtaka som ei fast sak på kvart møte.

Rådmannen rår til at alle saker som no ligg til utval for vilt og fisk vert flytta til teknisk utval. I tillegg kan kommunestyret og formannskapet tildele arbeidsoppgåver til utvalet.

KONKLUSJON

Rådmannen har i denne saka gjort greie for nedlegging av Utval for vilt og fisk og oppretting av eit teknisk utval. Kommunestyret vurderer sjølv kva politisk organisering ein vil ha.

Ved oppretting av teknisk utval vil rådmannen tilrå verknadstidspunkt frå 01.11.2012. Utvalet bør ha 5 medlemmer med varamedlemmer. Rådmannen har under vurderingar gjort greie for mogleg arbeidsområde for teknisk utval og arbeidsfordeling mellom teknisk utval og formannskapet. Delegeringa til utvalet må vedtakast av kommunestyret i samband med delegeringsreglementet / val av medlemmer til utvalet.

Teknisk utval bør evaluerast etter eit år og ved utgangen av valperioden

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.09.2012	085/12	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	13.09.2012	077/12	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-101.2

Arkivsaknr.: 12/150

SAK 077/12 - PLANSTRATEGI FOR MASFJORDEN KOMMUNE 2012 - 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for formannskapet for drøfting og utarbeiding av framlegg til vedtak.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Plan- og bygningslova § 10-1

FS-085/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Planstrategi for Masfjorden kommune 2012 - 2016 vert teken til vitring og sendt vidare til kommunestyret den 13. september for vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.

Det skjedde i Formannskapet den 04.09.2012:

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø og rådgjevar Anne Kristin Rafoss var tilstades under handsaming av saka.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og sa at det er veldig mange planar opplista i dokumentet og det er ei utfordring både når det gjeld kapasitet og økonomi.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø gjekk gjennom planstrategien for Masfjorden kommune. Rutinemessig bør planstrategien rullerast årleg i samband med årsbudsjettet.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål til administrasjonen om planane.

Egil Kvingedal, V, sa ein må prioritera planane og setja inn framdrift og at det vert innarbeidd i budsjettet. Det er sjølvstykke viktig å prioritera såkalla MÅ planar som kommunen er pålagt å laga.

Marit Steinestø, KrF, spurde om ein kan prioritera planar som går på bustadbygging i høve til hyttebygging.

Arthur Sjursen, Ap, sa at informasjonsplan for byggeområde/tomtar i kommunen må prioriterast. Det er viktig at innbyggerane får vita om kvar det er avsett område til bustadtomtar i kommuneplanen.

Røysting:

Formannskapet tok samrøystes Planstrategi for Masfjorden kommune 2012 - 2016 til vitring og sender den vidare til kommunestyret den 13. september for vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.

KS-077/12 VEDTAK:

Planstrategi for Masfjorden kommune 2012 - 2016 vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Det skjeddde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om helsestatus i Masfjorden.

Saka vart drøfta og kommunestyret stilte spørsmål til Lillestøl.

Egil Kvingedal, V, sa at han ikkje kunne finna plan for utgreiing av dei helsemessige konsekvensane i planstrategidokumentet. Han peika og på at det er viktig å få inn MÅ-planane og ein resultatfaktor i høve plan og gjennomføring.

Rådmann Svein Helge Hofslundsen svara at i dette dokumentet er det mange planar. Det er berre dei planane som har høg kategori som er med i dokumentet. Gjennom ei høyring vil ein få ei spissing på kva planar som må prioriterast.

Ordførar Karstein Totland orienterte og sa at folkehelse kjem inn under fokusområdet.

John Torsvik, H, sa at idrettskule eit viktig tilbod for ei betre folkehelse og at det er eit stort engasjement for folkehelse.

Vigdis Søvik, Sp, bra orientering. Masfjorden har ein låg innleggelseprosent i høve folketalet. Det syner at Masfjorden er god på førebyggjande arbeid.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes å leggja Planstrategi for Masfjorden kommune ut til offentleg ettersyn.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	23.03.2012	Hordaland fylkeskommune	Kommunal planstrategi - synspunkt frå Hordaland fylkeskommune
3	U	17.04.2012	Barnas representant v/Margun Sleire; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Gulen kommune; Høyanger kommune; Lindås kommune; Modalen kommune; NVE Region Vest; Statens vegvesen	Melding om politisk vedtak - oppstart av Planstrategiarbeidet for Masfjorden kommune 2012 - 2016
4	I	24.04.2012	Statens vegvesen - Region Vest	Oppstart av planstrategiarbeidet for Masfjorden kommune 2012-2016. Melding om vedtak
5	I	31.05.2012	NVE	Innspeil til varsel om oppstart av arbeid med planstrategi 2012-2016
6	I	31.05.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale - Oppstart - Masfjorden - Kommunal Planstrategi 2012 - 2016

BAKGRUNN

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien bør etter § 10-1 i plan- og bygningslova omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til både samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og sektorane sine aktivitetar, samt ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

I arbeidet med planstrategidokumentet, pliktar kommunen å hente inn synspunkt frå statlege og regionale etatar og nabokommunar. Det er og lagt vekt på at ein bør leggje opp til ei god medverknad og ålmenn debatt som grunnlag for handsaminga. Framlegg til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg kjent minst 30 dagar før kommunestyret skal ha saka til handsaming.

Ved handsaminga skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan – eller deler av denne – skal reviderast eller om planen skal førast vidare utan endringar. Kommunestyret kan vidare ta stilling til om det er behov for å starte opp arbeidet med andre arealplanar eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast. Planstrategien er retningsgjevande og det som vert fastsett i dette dokumentet er ikkje til hinder for at og andre planar / planoppgåver kan starte opp i planperioden.

HØYRING

Kommunestyret vedtok den 29.03.2012 oppstart og utarbeiding av planstrategi for Masfjorden kommune. Melding om politisk vedtak vart sendt regionale fagmynde. Det har kome inn 4 uttaler til oppstartsvedtaket.

UTTALE

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune peiker på *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* vedtatt 24.06.2011 og gjer generelt greie for kor viktig kommuneplanarbeidet er i ein kommune. Fylkeskommunen går vidare inn på tema:

- Klima og energi
- Folkehelse
- Areal
- Landskap
- Samferdsle og infrastruktur
- Kultur
- Næringsutvikling
- Kompetanseutvikling

Rådmannen sin kommentar

Dei tema som fylkeskommunen nemner i sin uttale er innarbeidd i kommuneplanen og vert følgt opp i planstrategien og i det vidare planarbeidet i kommunen. Rådmannen merkar seg at fylkeskommunen peiker på at ein bør vurderer kommunen sine utfordringar når det gjeld kompetanse i planstrategien.

Statens vegvesen

Statens vegvesen skriv at kommunen bør vurdere å utarbeide ny plan for trafikksikring eller eventuelt revidere eksisterande plan.

Rådmannen sin kommentar

Utarbeiding av ny trafikksikringsplan vert innarbeidd i planstrategien.

NVE

NVE skriv at dei ikkje har innspel til arbeidet med planstrategien

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland viser til *nasjonal forventningar til regional og kommunal planlegging* vedteke ved kongeleg resolusjon 24.06.2011 og minner om at desse må leggst til grunn i planarbeidet.

Fylkesmannen kommenterer særskilt landbruksproduksjon og jordvern og strekar under at det er ein styrke at Masfjorden kommune har arbeidd strategisk med dette gjennom å kartlegge kjerneareal for landbruk. Fylkesmannen peiker også på at folkehelse tema er viktig og at dette er godt behandla i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dei oppmodar Masfjorden kommune om å gje spørsmål om vatn ein sentral plass i den kommunale planlegginga.

Fylkesmannen peikar vidare på at prinsippa i naturmangfaldslova skal leggst til grunn i eventuelle planprogram, planskildringar og konsekvensutgreiningar. Kartlegginga av funksjonell strandsone er god dokumentasjon i arealplansaker.

Fylkesmannen peikar på lov om kommunal beredskapsplikt og krava som kommunen har på seg til å utarbeide ein heilskapeleg ROS-analyse og beredskapsplan.

Rådmannen sin kommentar

Dei tema som fylkesmannen nemnder i sin uttale er innarbeid i kommuneplanen og vert følgt opp i planstrategien og i det vidare planarbeidet i kommunen.

FAKTA

Masfjorden kommune har i perioden 2008 – 2012 vore gjennom eit omfattande planarbeid med ferdigstilling av både samfunndelen og arealdelen til kommuneplanen samt områdeplanen for Matre.

Regjeringa har vedteke dokumentet: ”Nasjonale forventningar”, der dei peikar på kva viktige oppgåver og interesser ein skal fokusera på i planlegginga, for å bidra til gjennomføringa av gjeldande nasjonal politikk. Forventningane er retningsgjevande og følgjande hovudtema er med:

- Klima og energi
- By- og tettstadsutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Både dei nasjonale forventningane og ny kommuneplan for Masfjorden kommune gjev etter rådmannen si vurdering eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med planstrategidokumentet. Lovverket sitt krav til at kommunestyret skal drøfte kva planbehov kommunen har for valperioden 2012 – 2016 bør ta utgangspunkt i kommuneplanen. Samfunnsdelen har definert hovudmåla for kommunen og kvart kapittel har eigne delmål som skal føre til at hovudmåla vert realisert. Behov for nye arealplanar eller stadanalyser utover det som går fram av samfunnsdelen, er identifisert i planskildringa.

Det faglege arbeidet avgrensar seg til å klargjere om det er nye utviklingstrekk eller utfordringar som kommunen må definere utover det som er lagt til grunn i kommuneplanen. Ein viktig del av det faglege arbeidet vert og å definere planoppgåver som ikkje er heimla i plan- og bygningslova. Dette gjeld både planar som er lovpålagt etter sektorlover og planar som ikkje er lovpålagt men avgjerande for kommunen å ha på plass.

Arbeidet med planstrategien er organisert med formannskapet som styringsgruppe. Rådmannen har peikt ut ei administrativ arbeidsgruppe som jobba fram grunnlaget for styringsgruppa med blant anna deltaking i arbeidsseminar og interne møte. Arbeidsseminaret for alle dei politiske partia i kommunen vart halde på kommunehuset 18.04.2012. Tema var Veggen frå partiprogram til planstrategi. Alle partia møtte.

Opplisting av viktige saker som vart drøfta i arbeidsseminaret:

Bru over Masfjorden, 570, folketalsauke, gode tenester til alle aldersgrupper, Masfjordsambandet, heilskapstenking, kvalitet i samhandlingsreforma, bustadfelt, næringsutvikling, inneklima skulane, marknadsføring, folkehelse,

Prioriterte saker/planar for arbeidet i valperioden vart i plenum oppsummert slik:

- ***Bru over Masfjorden***
- ***Stadanalyse Andvik***
- ***Områdeplan Hosteland***
- ***Ferdigstille Matre og Sandnes (Matre er no ferdigstilt)***
- ***Folkehelseplan***
- ***Reguleringsplan Hosteland aust og vest***

- *Trafikksikringsplan*
- *Interkommunal plan for stølar, næringsareal, osv*
- *Jobbe politisk mot fylkeskommunen og regionrådet*

Administrativ prioritering av saker / planar for arbeidet dei komande åra vert lagt fram i formannskapsmøte og sendt ut til kommunestyremøte.

VURDERING

Rådmannen legg opp til eit arbeidsmøte i formannskapet 04.09.2012 for å få fram ei politiske prioriteringsliste over kva saker / planar som skal arbeidast med i valperioden. Saka vert etter dette lagt fram for kommunestyret før høyring.

Administrative leiarar har kvar for seg utarbeidd liste over planar - og behov for planar - innafor sitt ansvarsområde. Arbeidet er gjort i tett dialog med einingsleiarane. Desse listene vart samla drøfta i leiarmøte og planarbeidet for innafor kvart ansvarsområde vart prioritert.

Det vert formannskapet si oppgåve å sjå til at prioriteringane innafor kvar ansvarsområde både løyser dei utfordringane som er nedfelt i kommuneplanen og dei utfordringar som nye statlege reformer legg på oss.

KONKLUSJON

Saka vert lagt fram for formannskapet for drøfting og utarbeiding av framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.09.2012	077/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	13.09.2012	078/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-016

Arkivsaknr.: 12/470

SAK 078/12 - NGIT - REVIDERT AVTALE OM INTERKOMMUNALT VERTSKOMMUNESAMARBEID - NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE BYGGETILSYN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner revidert avtale for Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn (NGIB), revisjonsdato 27.04.2012.

Finansiering Heimel

FS-077/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommunestyre godkjenner revidert avtale for Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn (NGIB), revisjonsdato 27.04.2012.

Det skjedde i Formannskapet den 04.09.2012:

Saka vart drøfta.

Egil Kvingedal, V, ba om at følgjande vart protokollert:

Venstre vil be om at det blir behovsprøvd bruk samt vurdert kost/nytte verdi ved å ha denne avtalen kontra bruke egne ressursar.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-078/12 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre godkjenner revidert avtale for Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn (NGIB), revisjonsdato 27.04.2012.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	23.05.2012	Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn	Revidert avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid NGIT
2	I	26.06.2012	Modalen kommune	Melding om vedtak - revidert avtale om interkommunalt byggetilsyn
3	I	26.06.2012	Meland kommune v/Randi Hilland	Revidert avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid Nordhordland og Gulen
4	I	28.06.2012	Gulen kommune	Godkjenning av rev. avtale om interkommunalt byggetilsyn

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Saka gjeld revisjon av gjeldande samarbeidsavtale om interkommunalt byggetilsyn. Plan- og bygningslova (pbl) er endra etter 2005. På grunn av endringane, sett i verk 01.07.2010 er kommunane sine tilsynsplikter sterkt utvida, jfr. pbl kap 25 og 32. Ein vesentleg bakgrunn for endringane er auka byggekostnader.

Det var difor naudsynt å revidera vertskommuneavtalen. Ved gjennomgang av avtalen synte det seg å vera naudsynt å justera teksten i tråd med lovheimlane i kommunelova, dvs. i tillegg til endringane i høve pbl. Samstundes er det og fornuftig å tilpassa avtalen til formaliseringa av samarbeidet Nordhordland digitalt.

Rådmannsutvalet i Region Nordhordland tok saka til orientering i møte den 01.06.2012. Avtalen må handsamast av kvart kommunestyre.

VURDERING

Tilsynsfunksjonen er endra frå å omfatta reine føretakstilsyn til også å omfatta tilsyn med konkrete byggeprosjekt og oppfølging av ulovlege tiltak. Det er vidare innført eit lovkrav om at kommunane skal fatta vedtak om ein tilsynsstrategi.

I den reviderte avtalen er samarbeidet utvida i tråd med dei nye krava. Det omfattar m.a. at tilsynsstrategien er teken inn i avtalen, og at vertskommunen Lindås får fullmakt til å følgje opp tilsynet og eventuelle ulovlege tiltak på ein meir effektiv måte enn før, dvs. i staden for å sende saka tilbake til utgangskommunen. For å sikra at vertskommunen har kapasitet til å utføra oppgåva, er det lagt inn eit krav om at tilsynet skal bemannast med minimum ein tilsynsleiar + eit årsverk, og ha byggteknisk og juridisk kompetanse.

Kommunane melder sjølv inn sakene som ein ønskjer tilsyn på, som før. Tilsynsfunksjonen skal finansierast gjennom gebyr, jf pbl § 33-a, som før. Dei fleste kommunane har allereie teke dette inn i gebyrregulativet sitt.

Sidan avtalen no gjed fram til 01.01.2014, ser administrasjonen det som viktig at dei formelle sidene ved avtalen blir oppdatert.

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.09.2012	076/12	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	13.09.2012	079/12	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-650

Arkivsaknr.: 10/730

SAK 079/12 - OVERFØRING AV VATN FRÅ MATRESELVA - BRYDALSFOSSEN TIL HOMMELVATNET I MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Primært

Masfjorden kommune vil sterkt rå i frå utbygging som fører til overføring av vatn frå Matreselva - Brydalsfossen til Hommelvatnet.

Grunngjeving:

Matresdalen framstår for folk som urørt, og frå største delen av dalen kan ein ikkje sjå tekniske inngrep i det heile. Brydalsfossen og elvestrengen gjennom dalen, kulturminna, jettegrytene og buldresteinane langs vegen skaper eit spesielt landskap med stor natur- og opplevingsverdi. Det er og viktig å verne om ein livskraftig sjøaurebestand i Matreselva.

Ei utbygging slik omsøkt vil vere uheldig for satsinga på aksene Matre - Stordalen som arena for naturopplevingar, reiselivsprodukt og kultur- og aktivitetstilbod. Her har kommunen, vegvesenet, idrettslaget og private investert millionbeløp i tilrettelegging og utbetring av veg.

KU omtaler Matresdalen og tekniske inngrep på eit overflatisk, flatt nivå. Dei meiner området alt er prega av utbygging. Dette er feil! Dei tekniske inngrepa er stort sett lokalisert inne i fjellet og er berre synlege på kart. Det er berre heilt nedst i dalen ein ser synlege spor etter tidlegare kraftutbygging i dagen.

Sekundert

Vert det likevel gjeve konsesjon for omsøkt utbygging krev Masfjorden kommune av NVE set følgjande konsesjonsvilkår:

- Det vert sett krav til minstevassføring i heile elvestrengen.
- Det vert gjennomført KU med tanke på forureining i elva som konsekvens av utbygginga.
- Det vert sett krav om overvåkingsprogram for sjøaurestammen.
- Det vert sett krav til at steinmassane skal nyttast til samfunnsmessige formål i dialog med Masfjorden kommune og ikkje plassert i deponi.
- Estetikk vert vektlagt i byggeplanar for heile anlegget slik at inngrepa som anlegget fører med seg ikkje svekkar naturen og opplevingsverdiane i dalen.

Grunngjeving:

I dag har vi ein situasjon med ei sjølvpålagt minstevassføring frå Hommelfossen og til sjø. Dette er, etter det kommunen kjenner til, etablert etter at elva vart turrlagt ein gong på 80-talet og store mengder fisk og yngel døydde. Dei siste åra har Matreselva vore ei av dei beste sjøaurelva i Hordaland. Minstevassføringa i heile elvestrengen må derfor bli fastsett som konsesjonsvilkår ved eventuell konsesjon for utbygging.

Vi finn ingen KU som omhandlar forureining i elva som kan råka den livskraftige sjøaurebestanden i ein evt anleggsperiode / driftsperiode. Dette må utgreiast og risikovurderast før det vert gjeve konsesjon.

Steinfylling er gammaldags og uakseptabelt. Matresdalen framstår som urørt, og frå store deler av dalen kan ein ikkje sjå tekniske inngrep i det heile. Brydalsfossen og elvestrengen gjennom dalen, kulturminna, jettegrytene og buldresteinane skaper eit spesielt landskap med stor natur og opplevingsverdi. Det er store satsingar på reiseliv og opplevingar langs aksen Matre – Stordalen frå fleire aktørar. Ei eventuell utbygging må ikkje svekke desse verdiane.

Masfjorden kommune ønskjer å vektlegge at nye utbyggingar i vår kommune og behovet for avbøtande tiltak, vert vurdert i eit heilskapsperspektiv. Dei avbøtande tiltaka som blir valde, må koma der dei lokalt har størst verdi og samfunnsnytte. Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastningen påført Masfjorden kommune av BKK / NVE for å sikra storsamfunnet straum.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Kommunelova § 1

KS-079/12 VEDTAK:

Masfjorden tilrår NVE å gje konsesjon for overføring av vatn frå Matreselva nedafor Brydalsfossen via overføringstunnel til Hommelvatnet og Hommelfossen kraftverk under føresetnad av:

- Overføringstunnelen vil ha inntak ved foten av Brydalsfossen på kote 255 m og utslag på LRV i Hommelvatnet på kote 251,9. Tunnelinnslaga skal utformast slik at inngrepet i terrenget ikkje endrar vesentleg karakter og at estetikk vert vektlagt i byggeplanar.
- NVE set krav om minstevassføring i Matreselva basert på faglege kriterier for fiskebestanden, reiseliv og sårbar fauna. (Minstevassføringa kan tilpassast fiskeri og reiselivssesongar.)
- Ved revisjon av konsesjon i Matresvassdraget, vert minstevassføring evaluert og tilpassa fagleg tilråding og med tanke på overvåking på sjøaurebestanden.
- Evt. utslepp til vatn vert gjennomført i tråd med KLIF sine krav. Det vert sett krav til at steinmassar frå tunnel skal nyttast til samfunnsmessige føremål i dialog med Masfjorden kommune.
- Det vert sett krav til at steinmassar frå tunnel skal nyttast til samfunnsmessige føremål i dialog med Masfjorden kommune.

Sårbar natur, friluft, miljø og næringsinteresser må vektleggast for at utbygginga vert bærekraftig.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Frode Langhelle, H, sa seg utgild i denne saka sidan han er direkte involvert i søknaden. Kommunestyret vedtok samrøystes at Langhelle var ugild.

Kjell Løvik tok no plass i møtet som vara for Langhelle.

Terje Sætre og Arthur Sjursen spurde og om dei var ugilde sidan dei jobbar i BKK. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at dei ikkje var ugilde.

Saka vart drøfta.

Ordførar Karstein Totland orienterte om at det har kome inn feil kotehøgde i formannskapet sitt vedtak. Det står: Overføringstunnellen vil ha inntak ved foten av Brydalsfossen på kote 225 osv. **Rett kote skal vera 255.**

Saka vart drøfta.

Bjørn Egil Nordland, Ap, sa at det er mange gode argument for det som har kome fram. Han kjenner til at det er endå ein som søker konsesjon for å bygga ut vassdraget og spurde om det ville få nokon konsekvens for det vedtaket som vert gjort i dag.

Ordførar Karstein Totland svara at andre søkjarar må møtast med same argumentasjon som den me har brukt i denne søknaden.

Lene H. Kvamsdal, H, sette fram eit endringsframlegg:

Siste setning i kulepunkt 4 går ut:

”Det vert gjennomført KU med tanke på forureining i elva som konsekvens av utbygginga.”

Egil Kvingedal, V, sa at Venstre opprettheldt rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over Høgre sitt framlegg på å ta vekk siste setning i kulepunkt 4:

Høgre sitt endringsframlegg vart vedteke med 13 mot 4 røyster.(Krf og V)

Tilrådinga frå formannskapet og rådmannen sitt framlegg vart røysta mot einannen.

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 13 mot 4 røyster (Krf og V)

FS-076/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden tilrår NVE å gje konsesjon for overføring av vatn frå Matreselva nedafor Brydalsfossen via overføringstunnel til Hommelvatnet og Hommelfossen kraftverk under føresetnad av:

- Overføringstunnelen vil ha inntak ved foten av Brydalsfossen på kote 225 m og utslag på LRV i Hommelvatnet på kote 251,9. Tunnelinnsлага skal utformast slik at inngrepet i terrenget ikkje endrar vesentleg karakter og at estetikk vert vektlagt i byggeplanar.
- NVE set krav om minstevassføring i Matreselva basert på faglege kriterier for fiskebestanden, reiseliv og sårbar fauna. (Minstevassføringa kan tilpassast fiskeri og reiselivssesongar.)
- Ved revisjon av konsesjon i Matresvassdraget, vert minstevassføring evaluert og tilpassa fagleg tilråding og med tanke på overvåking på sjøaurebestanden.
- Evt. utslepp til vatn vert gjennomført i tråd med KLIF sine krav. Det vert gjennomført KU med tanke på forureining i elva som som konsekvens av utbygginga.
- Det vert sett krav til at steinmassar frå tunnel skal nyttast til samfunnsmessige føremål i dialog med Masfjorden kommune.

Sårbar natur, friluft, miljø og næringsinteresser må vektleggjast for at utbygginga vert bærekraftig.

Det skjedde i Formannskapet den 04.09.2012:

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø og rådgjevar Anne Kristin Rafoss var tilstades under handsaming av denne saka. Midtbø orienterte kort og saka vart drøfta.

Lene Hansen Kvamsdal, H, sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden tilrår NVE å gje konsesjon for overføring av vatn frå Matreselva nedafor Brydalsfossen via overføringstunnel til Hommelvatnet og Hommelfossen kraftverk under føresetnad av:

- *Overføringstunnelen vil ha inntak ved foten av Brydalsfossen på kote 225 m og utslag på LRV i Hommelvatnet på kote 251,9. Tunnelinnsлага skal utformast slik at inngrepet i terrenget ikkje endrar vesentleg karakter og at estetikk vert vektlagt i byggeplanar.*
- *NVE set krav om minstevassføring i Matreselva basert på faglege kriterier for fiskebestanden, reiseliv og sårbar fauna. (Minstevassføringa kan tilpassast fiskeri og reiselivssesongar.)*
- *Ved revisjon av konsesjon i Matresvassdraget, vert minstevassføring evaluert og tilpassa fagleg tilråding og med tanke på overvåking på sjøaurebestanden.*
- *Evt. utslepp til vatn vert gjennomført i tråd med KLIF sine krav.*
- *Det vert sett krav til at steinmassar frå tunnel skal nyttast til samfunnsmessige føremål i dialog med Masfjorden kommune.*

Formannskapet ser denne konsesjonssøknaden som ein del av ei heilheitleg kraftutbygging i Matresvassdraget i tråd med fallrettar og kraftforsyning for regionen. Sårbar natur, friluft, miljø og næringsinteresser må vektleggjast for at utbygginga vert bærekraftig.

Forlaget frå Høgre vart justert til:

Masfjorden tilrår NVE å gje konsesjon for overføring av vatn frå Matreselva nedafor Brydalsfossen via overføringstunnel til Hommelvatnet og Hommelfossen kraftverk under føresetnad av:

- Overføringstunnelen vil ha inntak ved foten av Brydalsfossen på kote 225 m og utslag på LRV i Hommelvatnet på kote 251,9. Tunnelinnsлага skal utformast slik at inngrepet i terrenget ikkje endrar vesentleg karakter og at estetikk vert vektlagt i byggeplanar.
- NVE set krav om minstevassføring i Matreselva basert på faglege kriterier for fiskebestanden, reiseliv og sårbar fauna. (Minstevassføringa kan tilpassast fiskeri og reiselivssesongar.)
- Ved revisjon av konsesjon i Matresvassdraget, vert minstevassføring evaluert og tilpassa fagleg tilråding og med tanke på overvåking på sjøaurebestanden.
- Evt. utslepp til vatn vert gjennomført i tråd med KLIF sine krav. Det vert gjennomført KU med tanke på forureining i elva som som konsekvens av utbygginga.
- Det vert sett krav til at steinmassar frå tunnel skal nyttast til samfunnsmessige føremål i dialog med Masfjorden kommune.

Sårbar natur, friluft, miljø og næringsinteresser må vektleggjast for at utbygginga vert bærekraftig.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart sett opp mot justert framlegg frå høgre. Høgre sitt justerte framlegg vart vedteke mot 2 røyster (Krf og V).

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	16.09.2010	Olav Helvik Norges Småkraftverk AS	Olav Helvig - vedrørende Brydalselva - Masfjorden kommune
2	I	13.04.2012	NVE	Høyring av søknad om overføring av vatn frå Matreselva nedenfor Brydalsfossen til Hommelvatnet
3	I	05.06.2012	Statens vegvesen Region Vest	Kopi av brev til NVE - Høyring - Søknad om overføring av vatn Matreselva - Brydalsfossen til Hommelvatnet
5	U	06.07.2012	NVE	Ber om utsetting av høyringsfrist - Overføring av vatn frå Matreselva nedanfor Brydalsfossen til Hommelvatnet i Masfjorden kommune
6	I	06.07.2012	NVE v/Jan Sørensen	Innvilga utsetting av høyringsfrist - Overføring av vatn frå Matreselva nedanfor Brydalsfossen til Hommelvatnet i Masfjorden kommune

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

BKK har søkt NVE om konsesjon for overføring av vatn frå Matreselva nedafor Brydalsfossen til Hommelvatnet og Hommelfossen kraftverk. Overføringstunnelen vil ha inntak ved foten av Brydalsfossen på kote 225 og utslag på LRV i Hommelvatnet på kote 251,9.

Det vil bli laga ein om lag 200 m lang anleggsveg frå Stordalsvegen og inn til påhogget ved Brydalsfossen. Tunneldrifta vil resultere i om lag 30 000 m³ med massar som i søknaden er planlagt plassert i deponi langs tilkomstvegen til Brydalsfossen eller rundt gamle og nye Hommelfossen kraftverk. BKK har seinare opplyst at dei går bort frå massedeponi ved Brydalsfossen til fordel for massedeponi i Øvredalen i samband med Matre H-utbygginga.

Det eksisterande inntaket i Hommelvatnet skal utbetrast og det planleggjast installert eit nytt aggregat på 2,1 MW i eit tilbygg til Hommelfossen kraftverk. Årsproduksjonen i kraftverket etter oppgraderinga er berekna til 12,3 GWh. Det er ikkje planlagt nokon endring i dagens regulering av Hommelvatnet.

Kraftverket skal knytast til straumnettet via ei ny 22 kV-linje på omlag 100 m. Eksisterande 22 kV-linje på 4 km frå Hommelfossen til Matre må truleg oppgraderast.

Søknad med vedlagt miljørapport er tilgjengelege på NVE si internettside: www.nve.no/vannkraft og har lege til offentleg gjennomsyn på kommunehuset på Masfjordnes fram til 20.august 2012.

HØYRING

Høyringsuttalar vert sendt NVE direkte.

FAKTA

Matrevassdraget er alt regulert. Denne søknaden vil ikkje påvirke vassføring i elva totalt sett men strekke frå Brydalsfossen til utløpet av Hommelfossen kraftverk, 1500 meter, vil få mindre vassføring. Dette strekke inkluderer badekulpane ovafor Helvetesjuvet. Det er i dag er eit sjølvpåført minstevassføringkrav for strekke Hommelfossen og nedover på på 200 – 300 l/s. Dette blir ivaretatt ved ny utbygging.

KU legg opp til minstevassføring i Brydalsfossen i sommarmånadane på 200 l/s.

På same elvestrekning som Brydalsfossen har planlagt inntak, er det konsesjonssøkt eit småkraftverk, Brydalselva kraftverk. Søkjer er Noregs Småkraftverk. Masfjorden kommune har ikkje fått denne konsesjonssøknaden til uttale.

VURDERING

Rådmannen har merka seg at det er to konsesjonssøknader for same fossen men kan berre gje uttale til den søknaden som ligg føre.

Matresdalen framstår for folk som urørt, og frå største delen av dalen kan ein ikkje sjå tekniske inngrep i det heile. Brydalsfossen og elvestrengen gjennom dalen, kulturminna, jettegrytene og buldresteinane langs vegen skaper eit spesielt landskap med stor natur- og opplevingsverdi. Det er og viktig å verne om ein livskraftig sjøaurebestand i Matreselva.

Ei utbygging slik omsøkt vil vere uheldig for satsinga på aksene Matre Stordalen som arena for naturopplevingar, reiselivsprodukt og kultur- og aktivitetstilbod. Her har kommunen, vegvesenet, idrettslaget og private investert millionbeløp i tilrettelegging og utbetring av veg.

KU omtaler Matresdalen og tekniske inngrep på eit overflattisk, flatt nivå. Dei meiner området alt er prega av utbygging. Dette er feil! Dei tekniske inngrepa er stort sett lokalisert inne i fjellet og er berre synlege på kart. Det er berre heilt nedst i dalen ein ser synlege spor etter tidlegare kraftutbygging i dagen.

I dag har vi ein situasjon med ei sjølvpålagt minstevassføring frå Hommelfossen og til sjø. Dette er, etter det kommunen kjenner til, etablert etter at elva vart turrlagt ein gong på 80-talet og store mengder fisk og yngel døyde.

Vi finn ingen KU som omhandlar forureining i elva som kan råka den livskraftige sjøaurebestanden i ein evt anleggsperiode / driftsperiode. Dei siste åra har Matreselva vore ei av dei beste sjøaureelva i Hordaland. Det er sers viktig å verne om denne bestanden.

Steinfylling er gammaldags og uakseptabelt. Matresdalen framstår som urørt, og frå store deler av dalen kan ein ikkje sjå tekniske inngrep i det heile. Konsesjonssøknaden legg opp til massedeponi nær tunnelmunningen sjølv om det er planlagt køyreveg heilt fram.

Kommunen er varsla på telefon om at viss Matre H utbygginga startar opp og massane derifrå vert køyrt i Øvredalen, vil og massane frå dette prosjektet bli køyrt dit. Masfjorden kommune er kjend med at det er fleire utbyggingsprosjekt under planlegging i dette område. Kommunen er orientert om at minst eit av dei planlegg å plassere massane i deponi. Masfjorden kommune ønskjer at alle desse prosjekta vert sett i samanheng og at dei samla tilgjengelege steinmassane vert ein ressurs som kan nyttast for samfunnsnyttige formål. Kommunen har nytta store ressursar på ein reguleringsplan for Matre med nettopp dette som mål.

KONKLUSJON

Rådmannen rår kommunestyret til å gje følgjande uttale:

Primært

Masfjorden kommune vil sterkt rå i frå utbygging som fører til overføring av vatn frå Matreselva - Brydalsfossen til Hommelvatnet.

Grunngjeving:

Matresdalen framstår for folk som urørt, og frå største delen av dalen kan ein ikkje sjå tekniske inngrep i det heile. Brydalsfossen og elvestrengen gjennom dalen, kulturminna, jettegrytene og buldresteinane langs vegen skaper eit spesielt landskap med stor natur- og opplevingsverdi. Det er og viktig å verne om ein livskraftig sjøaurebestand i Matreselva.

Ei utbygging slik omsøkt vil vere uheldig for satsinga på aksene Matre - Stordalen som arena for naturopplevingar, reiselivsprodukt og kultur- og aktivitetstilbod. Her har kommunen, vegvesenet, idrettslaget og private investert millionbeløp i tilrettelegging og utbetring av veg.

KU omtaler Matresdalen og tekniske inngrep på eit overflatisk, flatt nivå. Dei meiner området alt er prega av utbygging. Dette er feil! Dei tekniske inngrepa er stort sett lokalisert inne i fjellet og er berre synlege på kart. Det er berre heilt nedst i dalen ein ser synlege spor etter tidlegare kraftutbygging i dagen.

Sekundert

Vert det likevel gjeve konsesjon for omsøkt utbygging krev Masfjorden kommune av NVE set følgjande konsesjonsvilkår:

- Det vert sett krav til minstevassføring i heile elvestrengen.
- Det vert gjennomført KU med tanke på forureining i elva som konsekvens av utbygginga.
- Det vert sett krav om overvakingsprogram for sjøaurestammen.
- Det vert sett krav til at steinmassane skal nyttast til samfunnsmessige formål i dialog med Masfjorden kommune og ikkje plassert i deponi.
- Estetikk vert vektlagt i byggeplanar for heile anlegget slik at inngrepa som anlegget fører med seg ikkje svekkar naturen og opplevingsverdiane i dalen.

Grunngjeving:

I dag har vi ein situasjon med ei sjølvpålagt minstevassføring frå Hommelfossen og til sjø. Dette er, etter det kommunen kjenner til, etablert etter at elva vart turrlagt ein gong på 80-talet og store mengder fisk og yngel døydde. Dei siste åra har Matreselva vore ei av dei beste sjøaurelva i Hordaland. Minstevassføringa i heile elvestrengen må derfor bli fastsett som konsesjonsvilkår ved eventuell konsesjon for utbygging.

Vi finn ingen KU som omhandlar forureining i elva som kan råka den livskraftige sjøaurebestanden i ein evt anleggsperiode / driftsperiode. Dette må utgreiast og risikovurderast før det vert gjeve konsesjon.

Steinfalling er gammaldags og uakseptabelt. Matresdalen framstår som urørt, og frå store deler av dalen kan ein ikkje sjå tekniske inngrep i det heile. Brydalsfossen og elvestrengen gjennom dalen, kulturminna, jettegrytene og buldresteinane skaper eit spesielt landskap med stor natur og opplevingsverdi. Det er store satsingar på reiseliv og opplevingar langs aksene Matre – Stordalen frå fleire aktørar. Ei eventuell utbygging må ikkje svekke desse verdiane.

Masfjorden kommune ønskjer å vektlegge at nye utbyggingar i vår kommune og behovet for avbøtande tiltak, vert vurdert i eit heilskapsperspektiv. Dei avbøtande tiltaka som blir valde, må koma der dei lokalt har størst verdi og samfunnsnytte. Masfjorden kommune krev at NVE tar omsyn til totalbelastningen påført Masfjorden kommune av BKK / NVE for å sikra storsamfunnet straum.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.09.2012	082/12	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	13.09.2012	080/12	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-016

Arkivsaknr.: 12/541

SAK 080/12 - NORDHORDLAND LEGEVAKT - STYRKING AV LEGEVAKTA OG KONSEKVENSAV NYE OPPGÅVER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune sluttar seg til ei styrking av Nordhordland legevakt (NLV) slik det går fram av saka.
2. Masfjorden kommune sluttar seg til at nytt nasjonal legevaktnummer (116117) vert lagt til Nordhordland Legevakt slik det er tilrådd i administrativ nemnd.
3. Masfjorden kommune sluttar seg til at kommunane Osterøy og Gulen vert inkludert som medlemskommunar i Nordhordland Legevakt (NLV), og at tiltaka som er lagt fram i saksdokumentet vert sett i verk, jfr. pkt. 5.2. Kommunen gir administrativ nemnd for NLV i oppdrag å utarbeida samarbeidsavtale med den einkilde kommune med aktuelle tilpassingar.
4. Masfjorden kommune sluttar seg til eit interkommunalt samarbeid om døgnplassar for øyeblikkelig hjelp i Nordhordland, jfr. pkt. 5.3, alternativ 2.
5. For kommunar som sluttar seg til pkt. 4 ovanfor, får Nordhordland Utviklingsselskap IKS i oppdrag å utarbeide forslag til samarbeidsavtale mellom kommunane og helseføretaket om etablering og drift av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp for kommunane i Nordhordland.
Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for politisk handsaming i kommunen når partane er klar for å inngå slik avtale.

Finansiering

Heimel

FS-082/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune sluttar seg til ei styrking av Nordhordland legevakt (NLV) slik det går fram av saka.
2. Masfjorden kommune sluttar seg til at nytt nasjonal legevaktnummer (116117) vert lagt til Nordhordland Legevakt slik det er tilrådd i administrativ nemnd.
3. Masfjorden kommune sluttar seg til at kommunane Osterøy og Gulen vert inkludert som medlemskommunar i Nordhordland Legevakt (NLV), og at tiltaka som er lagt fram i saksdokumentet vert sett i verk, jfr. pkt. 5.2. Kommunen gir administrativ nemnd for NLV i oppdrag å utarbeida samarbeidsavtale med den ein skilde kommune med aktuelle tilpassingar.
4. Masfjorden kommune sluttar seg til eit interkommunalt samarbeid om døgnplassar for øyeblikkelig hjelp i Nordhordland.
5. For kommunar som sluttar seg til pkt. 4 ovanfor, får Nordhordland Utviklingselskap IKS i oppdrag å utarbeide forslag til samarbeidsavtale mellom kommunane og helseføretaket om etablering og drift av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp for kommunane i Nordhordland.
Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for politisk handsaming i kommunen når partane er klar for å inngå slik avtale.

Det skjedde i Formannskapet den 04.09.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart grundig drøfta.

Egil Kvingedal, V, gjorde framlegg om at ein stryk siste delen i pkt 4: Jfr pkt. 5.3, alt. 2.

Røysting:

Formannskapet rår samrøystes kommunestyret til å vedtak rådmannen sitt framlegg til vedtak med endringa frå Venstre i pkt 4.

KS-080/12 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune sluttar seg til ei styrking av Nordhordland legevakt (NLV) slik det går fram av saka.**
- 2. Masfjorden kommune sluttar seg til at nytt nasjonal legevaktnummer (116117) vert lagt til Nordhordland Legevakt slik det er tilrådd i administrativ nemnd.**
- 3. Masfjorden kommune sluttar seg til at kommunane Osterøy og Gulen vert inkludert som medlemskommunar i Nordhordland Legevakt (NLV), og at tiltaka som er lagt fram i saksdokumentet vert sett i verk, jfr. pkt. 5.2. Kommunen gir administrativ nemnd for NLV i oppdrag å utarbeida samarbeidsavtale med den ein skilde kommune med aktuelle tilpassingar.**
- 4. Masfjorden kommune sluttar seg til eit interkommunalt samarbeid om døgnplassar for øyeblikkelig hjelp i Nordhordland, jfr. pkt. 5.3, alt. 2.**
- 5. For kommunar som sluttar seg til pkt. 4 ovanfor, får Nordhordland Utviklingsselskap IKS i oppdrag å utarbeide forslag til samarbeidsavtale mellom kommunane og helseføretaket om etablering og drift av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp for kommunane i Nordhordland. Samarbeidsavtalen vil bli lagt fram for politisk handsaming i kommunen når partane er klar for å inngå slik avtale.**

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Saka vart drøfta.

Det vart stilt spørsmål om kvifor og kva betydning Venstre sitt framlegg i formannskapet om å stryke pkt 5.3 alt.2 ville ha.

Ordførar Karstein Totland at dette er drøfta med sekretariatet og det er uproblematisk om dette er med eller ikkje.

Frode Langhelle, H, gjorde framlegg om å leggja inn att siste del i pkt. 4 der det står: Jfr. Pkt. 5.3, alternativ 2.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over framlegget frå Høgre om å leggja inn att siste del i pkt. 4.

Høgre sitt framlegg vart vedteke med 13 mot 4 røyster (KrF og V).

Det vart tilslutt røysta over heile tilrådinga frå formannskapet.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.08.2012	Nordhordland Utviklingselskap IKS	Saksframlegg til handsaming i kommunane i Nordhordland

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

- styrking av bemanning
- nye medlemskommunar
- nasjonalt legevaktnummer
- etablering av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp

1.0 Bakgrunn

Auka førespurnad, fleire konsultasjonar og akuttsituasjonar på legevakta, saman med nytt gratis legevaktsnummer, gjer det naudsynt å vurdere ei styrking av bemanninga ved legevakta.

Innføring av nytt nasjonalt legevaktnummer (116117) trer i kraft ila 2013. Gjennom forskrift vert det stilt krav til etablering og drift av ordninga. For kommunane i Nordhordland som er med i legevaktsordninga er det difor berre NLV som kan ivareta desse krava. Ny forskrift for prehospital akuttmedisin vil forskriftsfeste krav til kompetanse og utdanning for å arbeide på legevakt og ta imot henvendingar frå publikum på legevakttelefon.

Oppfølging av samhandlingsreforma fører til overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta til kommunane, og fleire pasientar vil ha trong for kommunale helse- og omsorgstenester med legefagleg vurdering også utanom normal arbeidstid.

Kommunale døgnplassar for øyeblikkelig hjelp er døme på ei slik oppgåveoverføring.

Nordhordland legevakt(NLV) vil venteleg få ei sentral rolle i arbeidet med desse pasientane. I tillegg ser ein auke i henvendingar i og etter vanleg kontortid frå pasientar som oppheld seg i eigen heim eller i sjukeheim. Gjennom samhandlingsreforma er det initiert at pasientar skal skrivast tidlegare ut frå sjukehus. Dette vil venteleg og føre til auka trong for legeressursar både innanfor og utanom normalarbeidstid.

Frå og med 2016 har kommunane plikt til å opprette døgnplassar for øyeblikkelig hjelp.

Plikta følgjer av *lov om kommunale helse- og omsorgstjenester* § 3-5, tredje ledd.

Ny statleg tilskottsordning er innført til føremålet, samt ei gradvis overføring av midlar frå regionalt helseføretak frå 2012. Etablering av ordninga skal skje i samarbeid med helseføretaket. Rettleiingsmateriell som synleggjer krav til etablering og drift av ordninga er utarbeidd og vert lagt til grunn ved vurdering av slike døgnplassar i Nordhordland. (Vedlegg i saka: *Kommunenes plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphold, Veiledningsmateriell*).

Samarbeidsavtale mellom kommunar og helseføretaket om tiltaket er inngått, og er lagt til grunn for vidare arbeid.

2.0 Prioritering av legevakta

Legevakta må bli prioritert styrka for å få ei fagleg forsvarleg akuttmedisinsk teneneste og kapasitet i Nordhordland. Utan ei styrking av bemanninga ved legevakta kan ein ikkje sjå at det er grunnlag for å setje i verk dei andre tiltaka som er omtala i denne saka.

Ser vi på framtidsbilde som teiknar seg i samband med samhandlingsreforma med akuttsenger, desentralisert behandling, observasjonsenger, aukande tal kortidsplassar , rehabiliteringsplassar, aukande poliklinisk behandling og oppfølging av kronisk og alvorleg sjuke lokalt så har vi erfaring for at pasientane sine problem og spørsmål ikkje held seg til legekontor og helsetenesta si ordinære opningstid.

Når det gjeld forbruk av døgnplassar i sjukehus, medfinansiering og utskrivingsklare pasientar er det lett å gløyme at berre ein liten del pasientar vert lagt inn av fastlegen I hovudsak er det legevakt og poliklinikkar pasientane kjem frå når dei vert lagt inn i sjukehus.

3.0 Beskriving av omgrep

- Legevaktssentral (LV-sentral)
- Legevakt
- Nasjonalt Legevaktsnummer
- Døgnplassar for øyeblikkelig hjelp

LEGEVAKTSSENTRAL (LV-SENTRAL):

Kommunane skal sørge for at helsepersonell i vaktberedskap er umiddelbart tilgjengeleg i eit felles, lukka, einskapleg og landsdekkande kommunikasjonsnett for helsetenesta. Dei skal kunne kommunisere med kvarandre og med andre naudetatar i eit kommunikasjonsnett.

LV-sentralen skal:

- Motta og handtere henvendingar via eit fast legevaktsnummer innanfor eit fastsett geografisk område, herunder prioritere, iverksette og følgje opp henvendingar til lege i vaktberedskap, heimesjukepleie, jordmor, kriseteam og andre relevante instansar
- Skal kunne kommunisere direkte og vidareformidle henvendingar om akuttmedisinsk hjelp til AMK- sentralen
- Må ha eit forsvarleg system for dokumentasjon av kommunikasjon, og bør ha utstyr for logging av viktig trafikk.

NLV fungerer som legevaktssentral for dei 7 eksisterande medlemskommunane.

LEGEVAKT:

Med kommunal legevaktsordning meiner vi ei organisert verksemd som gjennom heile døgnet skal vurdere henvendingar om øyeblikkeleg hjelp, og samtidig gjere den oppfølging som blir sett på som naudsynt.

Legevakta sine oppgåver:

Kommunen har ansvar for å organisere ei legevaksordning som sikrar befolkninga sitt behov for øyeblikkelig hjelp heile døgnet. Dette inneber mellom anna å:

- Diagnostisere og behandle akutte medisinske tilstander og sørge for henvisning til spesialisthelsetenesta ved behov
- Vurdere, gi råd og rettleie ved henvendingar om øyeblikkelig hjelp.

NLV er legevakt for dei 7 eksisterande medlemskommunane.

Nasjonalt legevaksnummer – 116117:

116117 er eit nytt legevaksnummer som skal takast i bruk i alle kommunar ila 2013. Det vert mellom anna stilt krav om at nummeret skal vere tilgjengeleg heile døgeret og at det skal vere godkjent legevaksentral som skal svare på dette nummeret.

I brev til kommunane av 30.11.2011 og 18.07.12 har Helsedirektoratet sendt ut informasjon om den nye ordninga.

DØGNPLASSAR FOR ØYEBLIKKELIG HJELP(ØH- DØGNPLASSAR):

Gjennom *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester*, jfr. §§ 3-5 og 3-1, er kommunen forplikta til å yta øyeblikkelig hjelp til personar som oppheld seg i kommunen. Denne plikta er gjennom § 3-5, 3. ledd utvida til også å femna om døgntilbod.

Plikta trer i kraft frå 2016, men det er eit mål at tilbodet skal fasast inn i alle landets kommunar i løpet av 2012-2015.

Døgnplassane skal vere eit tilbod til dei pasientar og brukarar som kommunen har høve til å utgreie, behandle eller gi omsorg til, og skal vere betre eller like godt som eit alternativt tilbod i spesialisthelsetenesta. Observasjon og behandling i eit slikt tilbod forutset m.a. at sjukepleiar er tilstades 24 timar i døgnet, samt lege tilgjengeleg i rimeleg nærleik til tilbodet.

Det er berre lege som kan vurdere om pasientar skal ha behandling i eit kommunalt ØH - døgntilbod eller skal leggast inn på sjukehus.

Kommunane står fritt til korleis dei vil organisere tilbodet, men det vert stilt krav om særavtale med Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus AS om forpliktande og konkrete planar.

I tråd med sentrale føringar for tilbodet er det grunnlag for å etablere 4 – 5 slike døgnplassar i Nordhordland, og lokalisering i tett nærleik til legevakta er vurdert til å vere ei god løysing for innbyggjarane.

4.0 Vurderingsgrunnlag - element i vurdering av saka:

- Auka etterspurnad etter legevaktstenester
- Innføring av nytt nasjonalt legevaktsnummer
- Samhandlingsreforma – konsekvensar for legevakta og kommunen sine helse- og omsorgstenester
- Nye kommunar med i legevaktssamarbeidet?
- Etablering av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp i eit interkommunalt samarbeid.
- Økonomiske konsekvensar dersom medlemskommunar i NLV ikkje vil vere med i eit interkommunalt samarbeid om ØH- døgntilbod.
- Økonomiske konsekvensar for kommunar som ønskjer å delta i ØH- døgnplassane, men som ikkje er med i legevaktsordninga.
- Betalingsmodellar for kommunane i legevaktssamarbeidet

4.1 Auka etterspurnad etter legevaktstenester

Dei siste 3 åra har legevakta hatt ein produksjonsauke på 60% i konsultasjonar, samt ei mindre auke i tal henvendingar pr telefon. Det er mange forklaringar på dette.

Rapport frå Nasjonalt kompetansesenter for legevaktsmedisin trekker til dømes fram følgjande forklaringar til auken i henvendingar til legevakt:

- for liten tilgong til time hjå fastlegen
- for travelt på legevakta til å gje gode råd på telefon
- dei som bur nærast legevakta bruker legevakta mest.

Ifølgje rapport av 23.04.2012 "*Fremtidig legevakt i Nordhordland*" vurderer arbeidsgruppe oppnemnd av Administrativ nemnd v/NLV at arbeidsbelastninga er uforsvarleg stor med dei ressursar som i dag er inne i legevaktsordninga.

Dei som bruker legevaktstenester mest er dei under 16 år og dei som er 67 år og eldre. Desse aldersgruppene vil auka med 26% frå 2012 til 2020..

Dersom vi også tek med Gulen og Osterøy vil auken vere på 36%.

Samarbeidsavtalane som er inngått mellom kommunar og helseføretak, og som omhandlar den akuttmedisinske kjeda skal følgjast opp. Noko som også forpliktar at legevaktstenesta skal vere god og fagleg forsvarleg.

Om ein med legevakt skal forstå **lege på vakt** må ein ta med at legen ved NLV er på uttrykking ved raud respons. Dette er dokumentert å gi betre pasientbehandling for desse pasientane.

Talet på uttrykkingar er for tida 2-4 i døgnet. Dette gjer at legevakta i aukande grad er utan lege til stades på NLV.

Tek ein med at eldre pasientar i aukande grad vil ha trong for heimebesøk også etter vanleg kontortid kan legevakta verte utan lege i enno lengre periodar. Det er uttrykking frå legevakt til perifere områder i Nordhordland som gjer at lege til tider oppheldt seg i uforsvarleg lang avstand frå andre perifere områder i regionen. Saman med for mange oppgåver i samtid kjem samtidskonfliktar og aukande risiko for uforsvarleg drift.

Forslag til oppbemanning som ligg i denne saka har i stor grad tatt utgangspunkt i no-situasjonen og dei utfordringar og oppgåver vi veit kjem.

For ei meir langsiktig planlegging av prehospitale akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus og vurdering av legevakttjenester må fleire faktorar vurderast.

Fastlegekapasitet, opningstider og ventetid på legekantora, sjukeheimslegedekning og tilgong til sjukeheimslege etter kontortid, ivaretaking av utskrivingsklare pasientar, avstand frå legevakta med meir er avgjerande faktorar når det skal planleggast forsvarlege prehospitale akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus.

For å sikre ei forsvarleg legevakttjeneste og at NLV vert brukt i tråd med retningslinjer for tenesta er det avgjerande at kommunane gjennomfører kontinuerleg revisjon og evaluering av desse tenestene.

4.2 Innføring av nytt nasjonalt legevaktsnummer


Innføring av nytt gratis legevakstefonnummer 116117 inneber:

- Same legevakstefonnummer heile døgnet i heile landet
- Auka fokus på kommunal legevakt som viktig del av akutt medisinsk behandlingsskjede
- Redusert tal henvendingar til medisinsk naudhjelpstefonnummer 113.

Innføring av legevakstefonnummeret 116117 vil ha konsekvensar for drifta ved Nordhordland legevakt, fordi NLV ivaretar oppgåva som LV-sentral for alle deltakarkommunar. Det nye telefonnummeret vil difor venteleg medføre auka arbeidsbelastning i form av fleire telefonhenvendingar, og vil krevje trong for auka sjukepleiarbemanning og kompetanse på telefon. Dette følgjer og direkte av forventa reduksjon i henvendingane til **113**.

NLV blir difor LV-sentral heile døgnet for alle kommunar som er med i legevaktsordninga. Dette gratis telefonnummeret må bli lagt til NLV til ei kvar tid. Pasientar som treng lege straks blir på denne måten vurdert og prioritert ved legevakta. Dette inneber trong for rutinar som sikrar pasientar tilgang til ØH-timar hos sin fastlege i normalarbeidstida for at dei skal få den oppfølging dei har krav på og trong for.

4.3 Samhandlingsreforma – konsekvensar for legevakta



Figuren viser at 25% av alle ØH- pasientane frå kommunane blir lagt inn på sjukehus via legevakt. (Frå Anders Grimsmo, notat 03.05.09).

Grimsmo fant at det viktigaste einskildtiltak for å redusere/hindre re-innleggingar i sjukehus er at ØH-pasienten blir undersøkt av fastlegen innan 14 dagar etter utskrivning frå sjukehus.

Legevakta står svært sentralt for å nå måla om færre innleggingar i sjukehus. Legevakta står for dei fleste innleggingane utanfor sjukehus. Vi veit at når det er travelt på legevakta vert det auka tal på innleggingar i sjukehus.

Etter innføring av samhandlingsreforma vil legevakta kunne spele ei viktig rolle ved utskrivning av pasientar frå sjukehus, sidan ei bemanningsmessig styrking vil sette NLV i stand til m.a. å kunne utføre naudsynte medisinske prosedyrar som kvar einskild kommune kan hende ikkje har ressursar eller kompetanse til å kunne utføre til ei kvar tid.

4.4 Nye kommunar med i legevaktssamarbeidet

Helseutvalet har i møte 8.juni 2012 tilrådd at også alternativ for Gulen og Osterøy si deltaking i legevakta må bli vurdert i denne saka.

Det er ved fleire høve vert diskutert ei utviding av legevakta til fleire kommunar. I fagråd for legar, i administrativ nemnd og i kommunestyresaka om Gulen sitt medlemskap kjem det fram at dersom fleire kommunar skal ta del i legevakta må bemanninga aukast. Dette for å sikre forsvarleg legevaktteneste og forsvarleg avstand mellom lege og pasient. Avstand mellom lege på utrykking til Gulen og til dømes pasient på Osterøy som treng snarleg legevurdering er for stor. Av denne grunn vert det naudsynt å sikre lege stasjonert på legevakta dei tidene på døgnet når Gulen og Osterøy nyttar NLV og lokalt legekantor er stengt. Berre på denne måten kan ein sikre forsvarleg avstand og responstid for desse kommunane.

Det lagt til grunn at NLV skal dekke tenesta "legevakt" alle netter, helg og høgtid i året, jfr. definisjon under pkt. 3 for Gulen og Osterøy slik det kjem fram i pkt 5.2 i saka.

4.5 Etablering av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp i eit interkommunalt samarbeid

Som vist til i kap. 3.0 vil kommunane frå 2016 ha plikt på seg til å etablere døgnplassar for øyeblikkelig hjelp. Det er eit mål at tilbodet skal fasast inn i alle landets kommunar i løpet av 2012-2015, jf. Prop. 91 L (2010-2011) og Innst. 424 L (2010-2011).

For å utløyse rett til tilskot skal dette skje i samarbeid med helseføretaket.

Kommunanes sitt tilbod om øyeblikkelig hjelp skal bli til ved eit samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta. Dei lovregulerte samarbeidsavtalane mellom kommunar og regionale helseføretak/helseføretak skal regulere tilbodet, og er eit overordna virkemiddel for samarbeid om etablering.

Kommunar kan samarbeide om tilbodet og felles avtale med helseføretaket kan utarbeidast. Samarbeidsavtalen som vert utarbeidd skal til handsaming i kvar einskild kommune og det er den enkelte kommune som inngår avtale med helseføretaket om etablering og drift av tilbodet.

Kommunane i Nordhordland står fritt til korleis dei vil organisere tilbodet, men det vert stilt krav om særavtale med Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus AS om forpliktande og konkrete planar. Særavtalar vert utarbeidd og inngått når kommunen er klar for å etablere eit slikt tilbod, og kommune og sjukehus er samde i at det vert etablert. Særavtalen skal mellom anna beskrive kva tilbod som skal etablerast, aktuelle pasientgrupper, lokalisering av tilbodet, praksis knytt til bruk av slike døgnplassar, samarbeidsrutinar, krav til kompetanse og behov for medisinsk teknisk utstyr.

Kva for pasientgrupper ein kan handtere i eit slikt døgntilbod vil vere avhengig av bemanning og kompetanse ein har tilgjengeleg. Det som imidlertid er klart, er at det må utarbeidast eksklusjons-/inklusionskriterier for kva pasientar som kan nytta dette tilbodet. Den nasjonale rettleiar for tilbodet er viser til at aktuelle pasientkategoriar kan være pasientar med akutt forverring av ein kjent tilstand på grunn av t.d forhold som infeksjon, dehydrering eller ernæringssvikt, og der kjent utløysande årsak er avklart.

Døme på dette kan vere pasientar med forverring av KOLS.

Gjennomføring av fagleg forsvarleg observasjon og behandling i eit slikt tilbod forutset m.a. at sjukepleiar er tilstades 24 timar i døgnet, samt lege tilgjengeleg i rimeleg nærleik til tilbodet.

Ei tverrfagleg samansett arbeidsgruppe har på oppdrag frå Helseutvalet i Nordhordland vurdert ulike løysingar når det gjeld etablering av slike døgnplassar. Grappa har komme fram til at kommunane i Nordhordland bør samarbeide om dette tilbodet og at slike døgnplassar bør lokaliserast i tett nærleik til Nordhordland legevakt.

Dette er mellom anna grunngeve med at;

- kvar kommune har for få innbyggjarar og manglar lege 24/7 i nærleik til sjukeheim slik at det er moegeleg å gi eit fagleg forsvarleg tilbod til pasientgrappa som er tenkt i desse sengene.
- det vert stilt krav om at lege til ei kvar tid skal vere i rimeleg nærleik til tilbodet. Det er berre lege som kan vurdere om pasientar skal ha behandling i eit kommunalt ØH-døgntilbod eller skal leggast inn på sjukehus.

Tal senger og kva pasientkategoriar som kan bli tekne imot er avgjerande for kva bemanning og kompetanse som til ei kvar tid må vere tilgjengeleg for å gi eit fagleg forsvarleg tilbod. Befolkningsgrunnlaget i nordhordlandsregionen tilseier venteleg 4 - 5 ØH-døgnplassar, avhengig av kor mange kommunar som sluttar seg til. Dette er i tråd med føringar i nasjonal rettleiar for tilbodet.

4.5.1 Lokalisering av tilbodet:

Arbeidsgruppa har vurdert to alternativ for lokalisering av tilbodet:

- Knarvik sjukeheim:

Det er konkludert med at Knarvik sjukeheim tidlegast kan opprette døgnplassar for øyeblikkelig hjelp i 2016, avhengig av i forkant å ha ein tilfredsstillande dekning av heildøgns omsorgsplassar for eldre.

Gruppa har med bakgrunn i dette ikkje gjennomført noko nærare utgreiing av dette alternativet.

- Nordhordland Legevakt:

Det er mogeleg å finne eigna lokale ved NLV. Det er vurdert at leilegheit i etasjen over legevakta kan vere eigna til føremålet dersom det vert gjort nokre endringar i romfordelinga. Det må også på plass ei løysing som gjer det mogeleg å bevege eg direkte mellom legevakt og rom for døgnplassar.

Konklusjon:

Etablering i nærleik til Nordhordland legevakt er vurdert til å vere beste løysinga når det gjeld slike døgnplassar. Det er difor rimeleg å sjå oppretting av ØH-døgntilbod i samanheng med ei styrking av legevakta.

Gruppa er samd i at det er grunnlag for å arbeide vidare med lokale i leilegheit i etasjen over legevakta som ei midlertidig løysing for slike døgnplassar fram til eit Helsehus er på plass. Dersom krav til areal og utforming vert godkjent kan det vere mogeleg å ha 5 senger i desse areala.

Eigar av bygget, samt representant frå Lindås kommune og NLV har vurdert alternative modellar for å få ei mest mulig funksjonell romløysing, og skisse til løysing vert framlagt i september d.å.

Det er viktig å presisere at dette er ei mellombels løysing, og at slike døgnplassar på sikt må lokaliserast saman med andre type døgnplassar i Helsehuset.

Vidare vert det tilrådd at tilbodet vert organisert etter vertskommunemodellen, med Lindås kommune som vertskommune.

Om tilbodet skal organiserast under NLV må vurderast i det vidare utgreiingsarbeidet når det er klart kva kommunar som går inn for å samarbeida om slike døgnplassar.

Dei døgnplassane som blir omhandla i dette avsnittet er relativt dyre, grunna smådriftsulempar. Dersom kommunane sluttar seg til "helsehusløysinga" og desse døgnplassane vert lokalisert saman med andre døgnplassar vil det gi ein betre driftsøkonomien.

4.5.2 Tilskotsordning for etablering og drift av tilbudet

For perioden 2013-2015 kan det søkjast om tilskot som skal finansiere kommunens utgifter til etablering og drift av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp.

Midlar kan søkjast om i etableringsåret, og påfølgjande år vil kommunen automatisk få vidareført tilskotsmidlar fram til tilskotet vert innlemma i rammetilskotet frå 2016.

Kommunar som inngår eit formelt samarbeid om etablering av tilbud, og som inngår ein felles avtale med helseføretaket, kan sende samla søknad om midlar til Helsedirektoratet. Søknad skal vere underteikna av kvar einskild kommune som deltar i samarbeidet, og vere sendt innan 01.mars i etableringsåret.

Det er eit mål å søkje om midlar for å etablere eit slikt tilbud i Nordhordland ila 2013 dersom kommunane sluttar seg til eit samarbeid om etablering av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp.

Planlegge for vidare prosess:

Når lokale og finansieringsmodell er på plass må det setjast ned ei arbeidsgruppe samansett av klinikarar frå kommune og spesialisthelsetenesta for å vurdere pasientgrupper og pasientforløp i dette tilbudet. Det er pasientforløpet som avgjer innhaldet i tilbudet og kva kvalitet, nivå og bemanningsbehov som tilbudet vil krevje.

Dette skal mellom anna danne grunnlag for samarbeidsavtalen som skal utformast for dette tilbudet.

4.6 Økonomiske konsekvensar dersom medlemskommunar i NLV ikkje vil vere med i eit interkommunalt samarbeid om ØH-døgntilbod.

Dersom medlemskommunar i legevaktsordninga ikkje vil vere med i eit interkommunalt samarbeid om ØH-døgntilbod reiser dette følgjande problemstillingar:

- Befolkningsgrunnlaget vert mindre, og dermed også talet på senger og dei økonomiske rammene for etablering og drift. Befolkningsgrunnlaget kan bli for lite til at det let seg gjere å etablere eit slikt tilbud
- Det er eit rimeleg prinsipp at ein kommune ikkje skal vere med å betale på ei ordning, eller deler av ordninga dei ikkje nyttar seg av.

Sjølvsagt er det rimeleg at ein kommune ikkje vil vere med å betale for ei ordning som dei ikkje nyttar seg av. På den andre sida utløyser etablering av ØH-døgnplassar tilskot, som kan vere med å finansiere delar av meirutgiftene ved styrking av bemanninga ved legevakta.

Viser her til økonomiske konsekvensar under pkt. 6 og 7.

4.7 Økonomiske konsekvensar for kommunar som ønskjer å delta i ØH-døgnplassane, men som ikkje er med i legevaktsordninga.

Bemanningsmessig styrking av legevakta er ein vesentleg føresetnad for å etablere ØH-døgnplassar. Dersom kommunar som ikkje er medlemmer i legevaktssamarbeidet ønskjer å delta i samarbeidet om slike døgnplassar, må dette spørsmålet og betalingsvilkår sjåast på særskilt. Betalinga må ta høgde for meirutgifta ved styrking av legevakta.

4.8 Betalingsmodellar for kommunane i legevaktssamarbeidet

Dagens ordning er at kvar av kommunane betalar ei fast deltakaravgift på f.t. 267.000 kroner. Denne avgifta blir årleg indeksregulert. Det overskytande beløp blir dekt etter innbyggjartal. Det må bli vurdert om deltakaravgifta skal vere eit fast beløp eller eit prosenttal av samla utgifter til fordeling blant kommunane.

Gulen og Osterøy si betaling må bli sett i forhold til vilkår for tilknytning til NLV.

5.0 Tiltak

Under dette avsnittet vil vi sjå på følgjande forhold:

Bemanningsmessig styrking av legevakta i to alternativ:

- Gitt dei sju eksisterande medlemskommunar NLV.
- Gitt dei sju eksisterande medlemskommunane NLV, samt kommunane Gulen og Osterøy.

Etablering av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp knytt til legevakta.

Følgjande alternativ kan tenkast for etablering av slike plassar:

- **4,23** døgnplassar for dei sju medlemskommunane til NLV
- **5,64** døgnplassar for medlemskommunane til NLV inkl. Gulen og Osterøy
- Døgnplassar dersom ikkje alle medlemskommunane NLV vil opprette slike plassar i fellesskap
- Døgnplassar for kommunar som ønskjer å delta i det interkommunale samarbeidet, men som ikkje er med i legevaktsordninga.

Styrking av legevakta utgjer grunnlaget for oppretting av ØH-døgnplassar i tilknytning til NLV.

5.1 Bemanningsmessig styrking av legevakta, gitt eksisterande medlemskommunar:

Ekstra legevaktslege og ekstra sjukepleiar ved NLV i Knarvik i tidsrommet kl. 16 – 23 alle kvardagar og kl. 12 – 20 helg og høgtid.

Auka legevaktssjefsstilling frå 40% til 60% stilling.

Ekstra lege og sjukepleiar vil:

- Kunne hindre innleggingar i sjukehus
- Kunne gi fleire og betre råd på telefon
- Kunne vurdere pasientar i sjukeheim
- Kunne føre tilsyn med ØH-døgnopphald etter ordinær arbeidstid. Det forutset også at alt grunnleggjande legearbeid (utskrivning, arbeid med oppfølging i kommune, kontakt med spesialisthelseteneste, oppfølgjande diagnostikk, administrasjon etc.) blir gjort av eigne legar med ansvar for ØH-døgnopphald.
- Kunne utføre avanserte medisinske prosedyrar hos nyleg utskrivne pasientar

- Kunne utføre avanserte medisinske prosedyrar hos kronisk og alvorleg sjuke pasientar, kreftpasientar og palliative team
- Kunne utføre medisinske støttefunksjon for anna helsepersonell
- Kunne bistå med sjukepleiefaglege vurderingar og prosedyrar innanfor dei same utfordringane
- Kunne bistå i medlytt og gjere faglege vurderingar og prioriteringar på telefon, noko som vil føre til kontinuerleg kvalitetssikring av telefonhenvendingar.

Fastlegane plikter å delta som vaktlegar v/NLV. Det er kommunen si plikt å sjå til at dette vert fylgt opp. Dette gjeld for alle kommunar som deltar i legevaktssamarbeidet.

Viser til pkt. 6.1 når det gjeld økonomiske konsekvensar av dette framlegget.

5.2 Bemanningsmessig styrking av legevakta, gitt eksisterande medlemskommunar NLV i tillegg til Gulen og Osterøy kommunar

Tiltak som under pkt. 5.1, med følgjande tillegg:

- Ekstra legevaktslege natt.
- Ekstra sjukepleiar same tidsrom
- Auka reiseutgifter.

Føresetnader for Gulen og Osterøy kommunar si tilknytning til NLV:

- NLV dekker tenesta "LV-sentral" heilkontinuerleg (heile døgnet, heile året), jfr. definisjon under pkt. 3.
- NLV dekker tenesta "legevakt" alle netter, helg og høgtid i året, jfr. definisjon under pkt. 3.

Viser til pkt. 6.2 når det gjeld økonomiske konsekvensar av dette framlegget

For Gulen og Osterøy kan den tilrådde tilknytninga på sikt bli utvida til også å gjelda ettermiddag og kveld alle dagar. Dette vil i så fall innebere ei ny vurdering av bemanning på gitte tider på døgnet.

5.3 Etablering av ØH-døgnplassar i tråd med tilrådingar i pkt 4.5

Fire alternative etableringar med følgjande felles føresetnader:

- Samarbeidsavtale mellom kommunane, og samarbeidsavtale med helseføretaket må liggje føre for å utløyse midlar til etablering og drift av ØH-døgnplassar fram til 2016.
- Alle kommunar som er med i ordninga, må bidra med det beløp som blir fordelt gjennom tilskotsordninga for etablering og drift fram til 2016, og gjennom rammetilskottet til føremålet i 2016, jfr. vedlegg. Tal på døgnplassar er dimensjonert ut frå denne føresetnaden.

Alternativ 1: Etablering av 4,23* døgnplassar for øyeblikkelig hjelp for dei sju medlemskommunane til NLV

* 4,23 plassar er utrekna på grunnlag av helsedirektoratet sine grunnlagsdata for ordninga og tilpassa dei økonomiske overføringane kommunane får til føremålet, jfr. vedlegg.

Tiltak:

- Etablering og drift av sjukepleiarstillingar tilsvarande 5 årsverk. Dette sikrar 1 sjukepleiar på vakt heile døgnet til å betene pasientane/brukarane i ØH-døgnplassane
- Etablering og drift av legestilling på dagvakt 2.5 timar morgon, kvardagar for oppfølging av pasientane/brukarane
- Oppretting av ny 20% legestilling for oppfølging av grunnleggande legearbeid (legevisitt, innskriving, utskrivning, arbeid med oppfølging i kommunen, kontakt med spesialisthelsetenesta, oppfølgjande diagnostikk, adm., mv.).
- Utviding av legeårsverk på natt 2 timar alle dagar i året – for oppfølging av ØH-døgnopphaldspasientar.
- Leige av areal til ØH-døgnplassane

Viser til pkt. 7 alternativ 1 når det gjeld økonomiske konsekvensar av dette framlegget

Alternativ 2: Etablering av 5,64** døgnplassar for øyeblikkelig hjelp for medlemskommunane NLV inkl. Gulen og Osterøy

* * 5,64 plassar er utrekna på grunnlag av helsedirektoratet sine grunnlagsdata for ordninga og tilpassa dei økonomiske overføringane kommunane får til føremålet, jfr. vedlegg.

Tiltak:

- Tiltak som under alternativ 1

Gulen må inngå eigen samarbeidsavtale med Helse Førde om etablering av ØH-døgnplassar i dette alternativet.

Viser til pkt. 7 alternativ 2 når det gjeld økonomiske konsekvensar av dette framlegget

Alternativ 3: Døgnplassar dersom ikkje alle medlemskommunane NLV vil opprette slike plassar i fellesskap

Dimensjoneringa av tal ØH- døgnplassar må bli vurdert ut frå storleiken av statleg tilskott til føremålet og ut frå kva som er praktisk, økonomisk og fagleg forsvarleg tilbod.

Den (desse) kommunen(ane) må ut frå befolkningsgrunnlaget vurdere i kva grad det er realistisk å vere utanfor eit interkommunalt ØH-døgntilbod og om det er mulig å vere eigen avtalepartner i forhold til helseforetaket.

Dei må også vurdere den økonomiske konsekvensen når det gjeld styrking av legevakta, utan å nytte seg av statleg tilskott til ØH-døgnplassane.

Alternativ 4: Døgnplassar for kommunar som ønskjer å delta i det interkommunale samarbeidet, men som ikkje er med i legevaktsordninga.

Dersom kommunar som ikkje er medlemmer i legevaktssamarbeidet ønskjer å delta i samarbeidet om ØH-plassar, må dette spørsmålet og betaling bli vurdert særskilt.

Betalinga må ta høgde for meirutgifta ved styrking av legevakta.

5.4 Betalingsmodellar for kommunane i legevaktssamarbeidet

Samarbeidskommunane betalar i dag ei årleg deltakaravgift på kr. 267 000. Deltakaravgiftene samla utgjer 17.4% av det totale beløp til utgiftsfordeling blant samarbeidskommunane.

Det blir tilrådd av deltakaravgifta blir sett til 17.4% av det totale beløp til utgiftsfordeling blant medlemskommunane. Resterande beløp blir fordelt på kommunane etter innbyggjartal.

Dersom Gulen og Osterøy kommune blir med i samarbeidet der NLV dekker tenesta "LV-sentral" heilkontinuerleg og tenesta "Legevakt" alle netter, helg og høgtid blir betalinga for desse kommunane fastsett separat.

6.0 Økonomiske konsekvensar – styrking av legevakta

I dette avsnittet vil det bli skilt mellom økonomiske konsekvensar av:

- styrking av legevakta, gitt eksisterande medlemmer
- styrking av legevakta, gitt at også Gulen og Osterøy kommunar er med.

6.1 Økonomiske konsekvensar av styrking av legevakta samt innføring av det nye legevaktsnummeret 116117 for dei sju medlemskommunane NLV – ekskl. Gulen og Osterøy kommunar :

Auka meirutgifter for styrking av legevakta – 1 000 kroner

<u>Tekst</u>	<u>Meir - utgifter på årsbasis</u>	<u>Meir- inntekter på årsbasis</u>	<u>Kommentar</u>
Lønnsutg. inkl.sosiale utgifter til nye legevaktsårsverk	3 200		Gjeld kl. 16-23 alle kvardagar og kl. 12-20 i helg og høgtid. Bekningsgrunnlag: (1200 kr. x 7 t x 255 d) +(1200 kr. x 8 t x 110d)
Lønnsutg. inkl. sosiale utgifter til nye sjukepleiarårsver, ferievikar m.v.	1 000		Nye sjukepleiarårsverk gjeld kl. 16-23 alle kvardagar og kl. 12-20 i helg og høgtid.
Auke legevaktssjefstilling med 20% til 60% stilling – lønnsutgifter inkl. sosiale utg.	300		Behov for auke i denne stillinga, i takt med utviding av medisinsk fagleg ansvarsområde, beredskap og fagutvikling.
Fagutvikling og kvalitetssikring	300		Oppfølging av samarbeidsavtale med helseforetak. T.d samtrening med HF.
Medisinsk forbruksmateriell	200		
Auka reiseutgifter	250		
Auka utgifter til IKT	50		
Auka inntekter i form av refusjon frå HELFO og eigendel frå pasientane		- 900	
Innføring av nytt legevaktsnummer 116117			Ved å leggje dette nummeret til NLV vil kvar kommune spare

			driftsutgifter til lokal legevaktsentral (LV-sentral), som lønn til helsepersonell, tilkopling til naudnett med kostnad pr. svarstad på kr. 70 000 m.v.. Besparinga er ikkje kostnadsrekna.
Sum	5 300	- 900	

Årleg netto meirutgift ved styrking av legevakta blir med dette 4.4 millionar kroner.

6.2 Økonomiske konsekvensar av styrking av legevakta samt innføring av det nye legevaktsnummeret 116117 for dei sju medlemskommunane NLV samt Gulen og Osterøy kommunar* :

Auka meirutgifter for styrking av legevakta – 1 000 kroner

Tekst	Meir-utgifter på årsbasis	Meir-inntekter på årsbasis	Kommentar
Lønnsutg. inkl.sosiale utgifter til nye legevaktsårsverk	3 200		Gjeld kl. 16-23 alle kvardagar og kl. 12-20 i helg og høgtid. Berekningsgrunnlag: (1200 kr. x 7 t x 255 d) +(1200 kr. x 8 t x 110d)
Lønnsutgifter inkl. sosiale utgifter til nye legevaktsårsverk	2 000		Gjeld kl. 23 – 07 alle netter. Vilkår for at Osterøy og Gulen kommune kan slutte seg til som medlemmer på natt (kl. 23 – 08) og helg, samt samband heile døgnet.
Lønnsutg. inkl. sosiale utgifter til nye sjukepleiarårsver, ferievikar m.v.	1 000		Nye sjukepleiarårsverk gjeld kl. 16-23 alle kvardagar og kl. 12-20 i helg og høgtid.
Lønnsutgifter inkl. sosiale utgifter til ny sjukepleiarstilling 9 timar pr. natt alle netter i året	1 400		Naudsynt styrking for at Gulen og Ostereidet skal vere med i samarbeidet.
Auke legevaktssjefstilling med 20% til 60% stilling – lønnsutgifter inkl. sosiale utg.	300		Behov for auke i denne stillinga, i takt med utviding av medisinsk fagleg ansvarsområde, beredskap og fagutvikling.
Fagutvikling og kvalitetssikring	500		Oppfølging av samarbeidsavtale med helseføretak. T.d samtrening med HF.
Medisinsk forbruksmateriell	200		
Auka reiseutgifter	250		Gjeld i forhold til eksisterande medlemmer NLV
Auka reiseutgifter	250		Gjeld i forhold til Gulen og Osterøy kommunar.
Auka utgifter til IKT	50		
Medlemsavgift for Gulen og Osterøy kommunar, gitt deltaking på natt (23 – 08) og helg, samt samband heile døgnet.		- 3 000	Gulen: 700 000 kr Osterøy: 2 300 000 kr.*
Auka inntekter i form av refusjon frå HELFO og eigendel frå pasientane		- 900	
Innføring av nytt gratis legevaktsnummer 16117			Ved å leggje dette nummeret til NLV vil kvar kommune spare driftsutgifter til lokal legevaktsentral (LV-sentral), som lønn til helsepersonell, tilkopling til naudnett med kostnad pr. svarstad på

			kr. 70 000 m.v.. Besparinga er ikkje kostnadsrekna.
Sum	9 150	- 3 900	

* NLV dekker tenesta "LV-sentral" heilkontinuerleg og tenesta "Legevakt" på natt, helg og høgtid for Gulen og Osterøy kommunar. For dei andre kommunane dekkjer NLV tenestene "LV-sentral" heilkontinuerleg samt tenesta "Legevakt" kveld, natt, helg og høgtid. Tenesta daglegevakt, kvardagar gjeld for dei kommunar som har inngått eigen avtale om dette. Daglegevakta har eige budsjett og eige rekneskap. Beløpa for Gulen og Osterøy er sett lågare enn for dei andre medlemskommunane, fordi vilkåra er annleis.

Årleg netto meirutgift ved styrking av legevakta blir med dette 5.25 millionar kroner.

7.0 Økonomiske konsekvensar ved etablering av ØH-døgnplassar

I dette av avsnittet vil vi kunne sjå på konsekvensar ved:

- Etablering av ØH-døgnplassar for medlemskommunale av NLV
- Etablering av ØH- døgnplassar for eksisterande medlemmer av NLV samt Gulen og Osterøy kommunar.

Styrking av legevakta blir vurdert som ein føresetnad for etablering av ØH-plassar for å vere å medvirke til å leggje til rette for døgnkontinuerleg tilgang på lege- og sjukepleiarressursar. Det er lagt til grunna at midlar som kommunane får til dette tiltaket uavkorta blir overført til det interkommunale samarbeidet om ØH-døgnplassar. Dette gjeld både tilskot til etablering og drift fram til 2016, samt overførte midlar etter 2016.

Alternativ 1: Etablering og drift av 4,23 ØH-senger for dei 7 eksisterande medlemskommunane NLV*

Denne modellen byggjer på at berre eksisterande medlemskommunar NLV er med i ØH-døgntilbodet.

Årlege meirutg/meirinnt. ved etablering og drift - 1000 kroner

Føresetnad for etablering og drift av ØH-senger: Styrking av legevakta	4 400		Jfr. pkt. 6.1
Etablering av sjukepleiarstillingar tilsvarande 5 årsverk – lønnsutgifter inkl. sosiale utgifter	3 500		Sikrar 1 ekstra sjukepleiar på vakt – heilkontinuerleg. Naudsynt å ha desse stillingane, fordi ØH-sengane ikkje er lokalisert direkte i tilknytning til NLV
Etablering av legestilling på dagvakt morgon, kvardagar – tilsvarande 2.5 t/dag	400		Kan kombinerast med fastlegestilling/tilsynslege/kommuneoverlegestilling.
Oppretting av ny 20% legestilling, lønnsutgifter inkl. sosiale utg.	300		Ein føresetnad for at ein styrka legevakt kan føre tilsyn med ØH-døgnopphald etter ordinær arbeidstid er at alt grunnleggande legearbeid (utskrivning, arbeid med oppfølging i kommunane, kontakt med spesialisthelsetenesta, oppfølgjande diagnostikk, adm. etc) blir gjort av eigne legar med ansvar for ØH-døgnopphald
Diverse utgifter i tilknytning til ny 20% legestilling (kontorutg., tlf., data m.v.)	60		
Utviding av legeårsverk på natt med 2 timar alle dagar i året	900		Det er her lagt til grunn ei betaling pr.time på kr. 1 200
Stipulerte utgifter til arealleige, straum, reinhald – ØH-senger	350		Mellombels leige, inntil eventuelt helsehus.
Auka utgifter til etablering av 4 ØH-senger	400		Stipulerte utgifter til medisinske forbruksvarar, telefon, data
Kjøp av kjøkkentenester – ØH senger	220		(Kjøkkentenester: 150 kr x 4 pas.

			365 d) = kr. 250
Kjøp av vaskeritener – ØH-senger	80		vask av tøy
Diagnostisk utstyr – ØH senger	300		
Statleg tilskott til etablering og drift av 4 ØH-senger		- 6 685	(4 330 kr. x 365d x 4,23 plassar)
Sum	10 910	- 6 685	

Netto årleg meirutgift 4 ØH-senger for 7 kommunar: 4.225 millionar kroner

Alternativ 2: Etablering og drift av 5,65 ØH- senger

Denne modellen byggjer på at Gulen og Osterøy kommunar er med i legevaksordninga i tillegg til eksisterande kommunemedlemmer.

Årlege meirutg/meirinnt. ved etablering og drift – 1 000 kroner

Føresetnad for etablering og drift av ØH-senger: Styrking av legevakta	5 250		Jfr. pkt. 6.2
Etablering av sjukepleiarstillingar tilsvarende 5 årsverk – lønnsutgifter inkl. sosiale utgifter	3 500		Sikrar 1 ekstra sjukepleiar på vakt – heilkontinuerleg.
Etablering av legestilling på dagvakt morgon, kvardagar – tilsvarende 2.5 t/dag	400		Kan kombinerast med fastlegestilling/tilsynslege/kommuneoverlegestilling.
Oppretting av ny 20% legestilling, lønnsutgifter inkl. sosiale utg.	300		Ein føresetnad for at ein styrka legevakt kan føre tilsyn med ØH-døgnopphald etter ordinær arbeidstid er at alt grunnleggande legearbeid (utskrivning, arbeid med oppfølging i kommunane, kontakt med spesialisthelsetenesta, oppfølgjande diagnostikk, adm. etc) blir gjort av eigne legar med ansvar for ØH-døgnopphald
Diverse utgifter i tilknytning til ny 20% legestilling (kontorutg., tlf., data m.v.)	60		
Utviding av legeårsverk på natt med 2 timar alle dagar i året	900		Det er her lagt til grunn ei betaling pr.time på kr. 1 200
Stipulerte utgifter til arealleige, straum, reinhald – ØH-senger	350		Mellombels leige, inntil eventuelt helsehus.
Auka utgifter til etablering av 5 ØH-senger	500		Stipulerte utgifter til medisinske forbruksvarar, telefon, data
Kjøp av kjøkkentener – ØH senger	280		(Kjøkkentener: 150 kr x 5 pas. 365 d) = kr. 250
Kjøp av vaskeritener – ØH-senger	100		vask av tøy
Diagnostisk utstyr – ØH senger	300		
Ekstra tilskott frå Gulen og Osterøy kommunar*		- 400	Gulen: - 100 Osterøy: - 300
Statleg tilskott til etablering og drift av 5 ØH-senger		- 8.918	(4 330 kr. x 365d x 5.64 plassar). NB! Dette alternativ tilseier større tilskott enn det medlemskommunane NLV vil få i 2016.
Sum	11 940	- 9 318	

*Ein føresetnad for etablering av ØH-plassar er styrking av legevakta. Fordi Gulen og Osterøy kommunar ikkje er tekne med som fullt ut betalande medlemmer NLV, er det berekna ei ekstra avgift for desse kommunane.

Netto årleg meirutgift – 5 ØH-senger for 9 kommunar : 2.622 millionar kroner

8.0 Endra betalingsmodell for kommunane etter styrking av legevakta og etablering og drift av ØH-døgnplassar

I dette avsnittet vil vi sjå på kva einskild kommune må betale under følgjande alternativ:

- Alternativ 1: Styrking av legevakta, gitt eksisterande sju medlemskommunar
- Alternativ 2: Styrking av legevakta, gitt eksisterande sju medlemskommunar – samt Gulen og Osterøy kommunar
- Alternativ 3: Styrking av legevakta og etablering av ØH-døgnplassar, gitt eksisterande sju medlemskommunar NLV
- Alternativ 4 Styrking av legevakta og etablering av ØH-døgnplassar, gitt eksisterande sju medlemskommunar – samt Gulen og Osterøy kommunar.

I staden for ei fast deltakaravgift i kroner, f.t. 267 000 kroner pr. medlemskommune, er deltakaravgifta i desse alternativ berekna som fast prosent av sum utgifter til fordeling blant kommunane. I dag er denne prosentsatsen på 17.4%. Denne prosentsatsen er også lagt til grunn i dei fire betalingsmodellane.

Alternativ 1: Styrking av legevakta, gitt eksisterande sju medlemskommunar

1 000 kroner

Samla utgifter: 12 813 + 5 300 =	18 113
Inntekter, sal, brukarbetaling: - 1 240	
Refusjon moms: - 220	
Refusjon: - 580	
Auka ref. HELFO: - 900:	- 2 940
Til fordeling	15 173

1 000 kroner – 2012 tal

Framlegg til betaling etter styrking av legevakta – 7 eksisterande medlemskommunar						
<i>Kommune</i>	<i>Årleg deltakaravgift tilsvarande 17.4% av dei samla utgiftene</i>	<i>Folketal i %</i>	<i>Betaling etter folketal</i>	<i>Samla betaling</i>	<i>Samla betaling ifølgje vedteke budsjett 2012</i>	<i>Framleggets meir-utgifter i forhold til vedteke budsjett 2012</i>
Austrheim	377	8.77	1 099	1 476	1 048	428
Fedje	377	1.84	231	608	430	178
Lindås	377	45.72	5 730	6 107	4 337	1 770
Masfjorden	377	5.30	664	1 041	738	303
Meland	377	21.75	2 726	3 103	2 203	900
Modalen	377	1.20	150	527	373	154
Radøy	377	15.43	1 934	2 311	1 640	671
Kontroll	2 639	100.00	12 534	15 173	10 769	4 404

Alternativ 2: Styrking av legevakta, gitt eksisterande sju medlemskommunar – samt Gulen og Osterøy kommunar

1 000 kroner

Samla utgifter: 12 813 + 9 150	21 963
Inntekter, sal, brukarbetaling: - 1 240	
Refusjon moms: - 220	
Refusjon: - 580	
Auka ref. HELFO: - 900	
Samla medlemsavgift Gulen og Osterøy - 3 000	- 5940
Til fordeling	16 023

Framlegg til betaling etter styrking av legevakta – 7 eksisterande medlemskommunar, Gulen og Osterøy kommunar						
<i>Kommune</i>	<i>Årleg deltakaravgift tilsvarande 17.4% av dei samla utgiftene</i>	<i>Folketal i %</i>	<i>Betaling etter folketal</i>	<i>Samla betaling</i>	<i>Samla betaling ifølgje vedteke budsjett 2012</i>	<i>Framleggets meir-utgifter i forhold til vedteke budsjett 2012</i>
Austrheim	324	8.77	943	1 267	1 048	219
Fedje	324	1.84	198	522	430	92

Lindås	324	45.72	4 917	5 241	4 337	904
Masfjorden	324	5.30	570	894	738	156
Meland	324	21.75	2 339	2 663	2 203	460
Modalen	324	1.20	129	453	373	80
Radøy	324	15.43	1 659	1 983	1 640	343
Gulen				700		700
Osterøy				2 300		2 300
Kontroll	2 268	100.00	10 755	16 023	10 769	5 254

Alternativ 3: Styrking av legevakta og etablering av 4.23 ØH-døgnplassar, gitt eksisterande sju medlemskommunar NLV

1 000 kroner – 2012 tal

<i>Kommune</i>	<i>Samla betaling NLV – inkl. styrking, jfr. alt. 1 ovanfor</i>	<i>% dekning av meirutg. ØH-plassar</i>	<i>Meirutgifter ØH-plassar</i>	<i>Meirinntekter ØH-plassar*</i>	<i>Samla utgifter til styrking av legevakta og etablering av ØH-plassar</i>	<i>Samla betaling ifølgje vedteke budsjett 2012 NLV</i>	<i>Meirutg. ved styrking av legevakta og etabl.av ØH-plassar i forhold til vedteke budsjett NLV 2012</i>
Austrheim	1 476	9	586	- 612	1 450	1 048	402
Fedje	608	2	130	- 164	574	430	144
Lindås	6 107	46	2 994	- 3 012	6 089	4 337	1 752
Masfjorden	1 041	7	456	- 438	1 059	738	321
Meland	3 103	19	1 237	- 1 283	3 057	2 203	854
Modalen	527	1	65	- 81	511	373	138
Radøy	2 311	16	1 042	- 1 094	2 259	1 640	619
Kontroll	15 173	100	6 510	- 6 684	14 999	10 769	4 230

* Beløp identisk med det som kommunane får i 2016 til føremålet, jfr. vedlegg

Alternativ 4: Styrking av legevakta og etablering av 5,54 ØH-døgnplassar, gitt eksisterande sju medlemskommunar – samt Gulen og Osterøy kommunar.

1 000 kroner – 2012 tal

<i>Kommune</i>	<i>Samla betaling NLV – inkl. styrking, jfr. alt. 2 ovanfor</i>	<i>% dekning av meirutg. ØH-plassar</i>	<i>Meirutgifter ØH-plassar</i>	<i>Meirinntekter ØH-plassar *</i>	<i>Samla utgifter til styrking av legevakta og etablering av ØH-plassar</i>	<i>Samla betaling ifølgje vedteke budsjett 2012 NLV</i>	<i>Meirutg. ved styrking av legevakta og etabl. av ØH-plassar i forhold til vedteke budsjett NLV 2012</i>
Austrheim	1 267	7	467	- 612	1 122	1 048	74
Fedje	522	2	134	- 164	492	430	62
Lindås	5 241	34	2 274	- 3 012	4 503	4 337	166
Masfjorden	894	5	335	- 438	791	738	53
Meland	2 663	14	936	- 1 283	2 316	2 203	113
Modalen	453	1	67	- 81	439	373	66
Radøy	1 983	12	802	- 1 094	1 691	1 640	51
Gulen**	700	6	404 100	- 569	635		635
Osterøy**	2 300	19	1 271 300	- 1 665	2 206		2 206
Kontroll	16 023	100	7 090	- 8 918	14 195	10 769	3 426

* Beløp identisk med det som kommunane får i 2016 til føremålet, jfr. vedlegg

** Ein føresetnad for oppretting av ØH-døgnplassar er ei styrking av legevakta. Fordi Osterøy og Gulen kommunar betalar forholdsvis mindre for styrking av legevakta enn dei andre medlemskommunane, må dei kompensere økonomisk med henholdsvis 300 000 kroner og 100 000 kroner ekstra for å kunne samarbeide om ØH-døgnplassane

Arbeidsgruppe

Legevaktssjef Grethe Fosse, driftsleiar Erna Inger Fosse ved Nordhordland legevakt, samhandlingskoordinator Anne Hildegunn Færøy, Nordhordland Utviklingsselskap IKS og rådgjevar Terje Sætre, Lindås kommune har utarbeidd framlegget i denne saka.

Tilleggsopplysningar

Helsedirektoratets tilskottsordning til etablering og drift av ØH-døgnplassar i kommunane

Kommunane vil frå og med 2016 ha plikt til å etablere ØH-døgnplassar. I innfasingsperioden 2012 – 2015 vil kommunar få overført midlar etter kvart som tilboda blir etablert. Frå 2016 skal desse midlane i sin heilskap bli innlemma i rammetilskottet til kommunane.

For kommunar i vår region er dette tilskottet som følgjer, basert på historiske tal for liggjedøgn a kr. 4 330:

Osterøy kommune:	1.665 millionar kroner
Meland kommune:	1.283 millionar kroner
Radøy kommune:	1.094 millionar kroner
Lindås kommune:	3.012 millionar kroner
Austrheim kommune:	0.612 millionar kroner
Masfjorden kommune:	0.438 millionar kroner
Fedje kommune:	0.164 millionar kroner
Modalen kommune:	0.081 millionar kroner
<u>Gulen kommune:</u>	<u>0.569 millionar kroner</u>
<u>Sum</u>	<u>8.918 millionar kroner</u>

Sum ni kommunar:	8 918 millionar kroner
- Osterøy kommune:	-1.665 mill.kr.
- Gulen kommune:	- 0.569 mill.kr.
<u>Sum kommunar, ekskl. Osterøy og Gulen</u>	<u>6 684 millionar kroner</u>

Befolkningsgrunnlaget for Osterøy og Gulen er høvesvis 7 521 og 2 310.

VURDERING

Masfjorden kommune har delteke i mange drøftingsrundar før denne saka no er klar for handsaming. Vi deltek i Fagrådet, i Helseutvalet og i Administrativ nemnd. Kommunen har tidleg gjeve uttrykk for at vi er skeptisk til fordeling av basiskostnader som i tabellane er kalla deltakaravgift. I tidlegare modellar var denne avgifta endå høgare i nokre alternativ og Masfjorden gav då uttrykk for at denne er urimeleg fordelt etter vårt syn. Hovudgrunnar til behov for styrking av NLV er auka etterspurnad og statistikk syner at denne auken ikkje er grunna pasientar frå Masfjorden eller dei mindre kommunane. Forbruk av legevakttenester i Knarvik er også avhengig av korleis legetenester på dagtid er organisert.

Masfjorden har ellers argumentert for at Gulen bør inn i samarbeidet. Argument for avstand til Knarvik og vanskar med utrykningstid til Gulen gjeld tilsvarande i store delar av Masfjorden, Fedje, Modalen. Distriktet er allereie såpass langstrakt at det ikkje vil vere hensiktsmessig å rykkje ut på akutthendingar med bil.

Som kjendt har rådmannen også antyda at det kan vere eit alternativ å tenkje øh- senger ved Masfjorden sjukeheim. Dette føreset samarbeid med Gulen om dette samt ei anna organisering av legetenestene i kommunane. Det har ikkje lukkast å planleggje dette vidare pga ein litt uoversiktleg situasjon for Gulen sin tilknytning til helseforetak i Bergen eller Førde.

KONKLUSJON

Masfjorden støttar planane om utviding og styrking av NLV slik det går fram av saksutgreiinga. Kostnadsfordeling må fylgje prinsipp om at dei kommunane som aukar forbruk av tenestene mest også må ta den største auken.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	04.09.2012	074/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	13.09.2012	081/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-033, N-025

Arkivsaknr.: 12/549

SAK 081/12 - DELEGERINGSREGLEMENT FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner delegeringsreglement slik det ligg føre

Finansiering

Heimel

Kommunelova

FS-074/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner delegeringsreglementet slik det ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 04.09.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Sjursen spurde om tilsetting av ass. rådmann er delegert til tilsettingsutvalet?

Administrativ tilsetting er delegert til rådmannen/tilsetjingsutval.

Tilsetting av rådmann ligg til kommunestyret, men tilsetting av ass. rådmann er delegert til rådmannen - endra ved sist revidering, tidlegare låg denne til Kommunestyret.

I delegeringsreglementet er det opna for at saker som er delegert, kan løftast til overordna organ, jf. kap. II i delegeringsreglementet, og kan bli aktuelt i høve tilsetjing av ass.rådmann.

Det vart synt til s. 7 i delegeringsreglementet om mindretalsanke der det står at tre medlemmer kan gje mindretalsanke. Dette passar ikkje hjå oss der dei fleste utvala har fem medlemmer.

Formannskapet kom då med framlegg til endring:

I saker der utvalet har fått delegert vedtaksmynde frå kommunestyret/formannskapet **kan to medlemmer**, ordføraren eller rådmannen , krevje saka lagt fram for formannskapet/kommunestyret. Slike krav må setjast fram i møtet, og det skal verta ført i protokollen.

Det vart drøfta om ein skulle gjera ei endring i B Delegering til formannskapet i høve kva formannskapet skal ha vedtaksmynde i. tilsvarande og for administrasjonsutvalet.

Røysting:

Delegeringsreglementet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret slik det ligg føre med nokre få endringar gjort av formannskapet.

KS-081/12 VEDTAK:

Delegeringsreglement for Masfjorden kommune vert endeleg handsama i kommunestyremøte den 30. oktober i samband med økonomireglementet.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Teknisk sjef Terje Kallekleiv var tilstades under handsaming av denne saka.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF, spurde om kvifor endringar som vart vedteke i formannskapet ikkje var teke inn i reglementet.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte og sa at endringar i høve det nye utvalet som er vedteke i dag og endringar som vart gjort i formannskapet skal innarbeidast i delegeringsreglementet. Pga av at ein ikkje visste heilt korleis dette ville bli i høve nytt utval har ein ikkje lagt det inn i dokumentet til i dag. Ha sa at økonomireglementet og kjem til handsaming i kommunestyret og her er det ting som heng i saman med delegeringsreglementet.

Marit Steinestø, KrF, ba om at delegeringsreglementet kjem opp som sak i neste kommunestyremøte i samband med at økonomireglementet kjem til handsaming. Marit Steinestø sa og at ein må få delegerte vedtak til orientering i det nye utvalet.

Røysting:

KrF sitt framlegg om å utsetja sak om delegeringsreglementet til kommunestyremøtet den 30. oktober vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	06.09.2012	Mary Hope	Delegeringsreglement Masfjorden kommune - framlegg til formannskapet 04.09.12

Revidert delegeringsreglement, pr. august 2012 – førebels utgåve
(innhald i teknisk utval vert fylt ut etter drøftingar/handsaming i formannskapet og oppdatert reglement framlagt for kommunestyret)

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Delegeringsreglement skal rullerast og vedtakast i løpet av kommunestyreperioden, fortrinnsvis i starten
–Til andre politiske organ
–Til administrasjonen (rådmannen)

FAKTA

Gjeldande delegeringsreglement er av 23.september 2008, og må rullerast.

- A. Saker kommunestyret avgjerd sjølv**
- B. Delegering til formannskapet**
- C. Delegering til fast utval for plansaker**
- D. Delegering til ordførar**
- E. Delegering til skatteutval**
- F. Delegering til brukarutval**
- G. Delegering til utval for vilt og fisk**
- H. Delegering til administrasjonsutalet**
- I. Delegering til rådmannen**

Sidan sist revidering har det skjedd ein del endringar.

- Skatteutval er ei ordning som er avvikla.
- Krav om å ha eige planutval/FUP er opphøyr.
- Brukarutval (nedlagt av Kommunestyret i møte den 27.4.2012, sak 37/12)
- Utval for vilt og fisk, kopla til nytt utval for teknisk

I sist Kommunestyremøte 21.06.12, fekk ein følgjande politisk innspel – som må innarbeidast i delegeringsreglementet (jf. elles sak kring nytt teknisk utval)

Bakgrunn:

Det har sia dette kommunestyret blei konstituert vore på snakk om etablering av eit nytt utval som inkluderer teknisk, miljø, landbruk, vilt og fisk. I påvente av dette har behandlinga av delegeringsforskrifta latt vente på seg. Som eit felles forslag frå alle partia, fremmas derfor følgjande forslag:

Forslag:

Det opprettas eit nytt utval som overtar oppgåvene som FUP og Vilt og Fisk innehar i dag. Dette utvalet blir satt med 5 medlemmer valt av kommunestyret.

Forslagsstillarane ser for ein prosessflyt i sakshandsaming som vist i vedlegget til dette forslaget.


Utvalet si forvaltning heimlast i følgjande lovverk (som angitt i dagens delegeringsforskrift):

Plan og Bygningslova av 14.juni 1985 nr 77 kapitellIII- X, og vedtak utbyggingsplanar Friluftlova av 28.juni 1957 nr16 §40 om å stanse og fjerne ulovlege byggverk, vert delegert til dette utvalet Vedtaksmynde i saker etter viltlova og lov om lakse -og innlandsfiske

Kommunestyret kan også delegere andre saker til dette utvalet.

Hensikt

Hensikta med dette utvalet er å betra den demokratiske prosessen, gjennom betre likebehandling, klårare retningslinjer, bevisstgjeriing, og samstundes få eit utval som har eit «mindre» og meir spissa arbeidsområde enn kva formannskapet i dag har. Dersom dette forslaget blir vedtatt, er det ein naturlig prosess og be administrasjonen utarbeide forslag til endring av delegeringsforskrifta



Slik at revidert delegeringsreglement av august 12 får følgjande inndeling/innhald;

I LOVHEIMLAR FOR DELEGERING I KOMMUNELOVA

II GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT FULLMAKT

III MYNDE TIL KOMMUNESTYRET

A. Saker kommunestyret avgjerd sjølv

B. Delegering til formannskapet

C. Delegering til teknisk utval

D. Delegering til ordførar

E. Delegering til administrasjonsutalet

F. Delegering til rådmannen

IV OVERSIKT MYNDE/DELEGERT MYNDE I HØVE TIL SAKSTYPE OG LOV

VURDERING

Ein legg ikkje opp til vesentlege endringar i høve (jf. delegeringsreglement er av 23.september 2008),

A. Saker kommunestyret avgjerd sjølv

B. Delegering til formannskapet

D. Delegering til ordførar

H. Delegering til administrasjonsutalet

I. Delegering til rådmannen

Ein innarbeidar nytt teknisk utval i reglementet.

Kommunestyret vedtek pkt. 1 – III i reglementet, pkt. IV er synleggjering av administrativ subdelegering av delegering til rådmannen

KONKLUSJON

Ein tilrår at revidert delegeringsreglement vert vedteke slik det ligg føre i sakstilfanget.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	04.09.2012	012/12	Aina Isdal Haugland
Kommunestyret	13.09.2012	082/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1

Arkivsaknr.: 12/428

SAK 082/12 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL SYSTOVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kraftfondet løyver kr 60 000 til investeringar for Sissel Sø. systove og saftkokeri.

Finansiering

60 000.

Heimel

Vedtekter for kraftfondet

§ 2, § 5

Retningsliner for bruk av kraftfondet

§2, §3

KRFT-012/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kraftfondet løyver kr 60 000 til investeringar for Sissel Sø. systove og saftkokeri.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 04.09.2012:

Kraftfondsstyret rår samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg.

KS-082/12 VEDTAK:

Kraftfondet løyver kr 60 000 til investeringar for Sissel Sø. systove og saftkokeri.

1. 50 % av tilskotet kan utbetalast ved anmodning, resttilskotet vert utbetalt ved framlegging av rekneskap.
2. Det vert sett ein frist på to år for å nytta tilskotet.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er tre veker.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om tre tilleggspunkt som skal vera med i vedtaket. Det er:

1. 50 % av tilskotet kan utbetalast ved anmodning, resttilskotet vert utbetalt ved framlegging av rekneskap.
2. Det vert ein frist på to år for å nytta tilskotet.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er tre veker.

Røysting:

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	13.06.2012	Sissel Trædal Jakes	Søknad om tilskot frå kraftfondet til systove

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

I samband med søknad om midlar frå Kraftfondet har sakshandsamar og GMU vore på synfaring hjå Sissel Trædal Jakes. Ho søker om midlar til å starte systove med hovudfokus på bunad. Gjennom prosjektet ynskjer ho å bruka kompetansen sin og laga sin eigen arbeidsplass. Frå jan 2012 og til juni har ho sydd 3 bunadar m/ tilhøyrande cape. I tillegg har ho sydd og seld vesker, huer og smikker for barn. Per dags dato har ho eit rom i kjellaren som ho syr i, men ønskjer å innreia dette til systove. Det er eigen inngang og plass til toalett slik at ho kan ha dette som eit separat arbeidsrom frå resten av huset. Kjellaren har no betonggolv og murvegg. Midlane ho søker vil vera naudsynte for å tilrettelegga arbeidsrom i tillegg til utstyr som symaskin og prøvedokke. Først er det tenkt å ha dette som deltidsarbeid i kombinasjon med stilling på Stordalen fjellstove, noko som reduserer risikoen ved å starte opp. GMU vil rettleia i arbeidet med å setja opp forretningsplan og knytte henne opp mot eit nettverk slik at det er mogleg å få høge nok inntekter til å ha det som eit levebrød. Marknaden for bunadssaum er stor og i periodar er ventetida hjå konkurrentane lang. Bruk av tradisjonelle mønster og teknikkar er viktige delar av konseptet hennar. Gjennom å bruke masfjordbunaden som produktet sitt knyt ho kultur og næring saman.

Framtidig drift

Søklar har ikkje etablert selskap enno, men det er planlagt og skal heite Sissel Sø. I samarbeid med GMU vil ho utvikle forretningsplan og sjå nærare på inntening slik at ho får ei høgare timeløn. I ein oppstartfase har prisen per bunad likevel vore låg, men det bør vurderast å auke denne. Først er dette budsjettet:

Inntekt

Produksjon av 5 bunader m/ cape (m Moms) 72500 kr

Utgifter

Tøy til 5 bunadar m/ cape 20000 kr

Straum 3000 kr

Tråd, nåler, sakser ol. 2000 kr

Skatt 14375 kr

Total utgift 39375 kr

Overskot 33125kr

Overskot går til nyinnkjøp av utstyr og eigen løn.

Kostnadsoverslag**Byggkostnader**

75 timar handtverkar a 500kr 37500 kr

Materialer til stenderverk vegg 4500 kr

Veggplater 32 stk 4960 kr

Parkettgolv 20 m2 4980 kr

Varmekabel i golv 3000 kr

Totalt 54940 kr

Utstyrskostnader maskiner.

Bernina 380 symaskin 13595 kr

Bernina 1150 MDA overlock 7995 kr

Janome cover Pro CXP 5295 kr

Dampstrykejern Senixx B10L 1890 kr

Strykebrett 1990 kr

Byste/prøvedokke 1000 kr

Totalt 31765 kr

Totalt 86705 kr

Sal /marknaden til bedrifta

Den viktigaste kundegruppa er konfirmantar og personar som treng å sy om plagg.

Marknadsføring skjer gjennom ei side på Facebook. I samarbeid med GMU vil ho sjå nærare på å lage ei heimeside. Mesteparten av oppdraga så langt kjem som resultat av kvalitet i arbeidet ho gjer og eit bra omdømme for godt utført arbeid som gjer at folk snakkar om Sissel Sø.

Dei viktigaste konkurrentane er Kleopatra Bunadssaum, Husflidsstova og Norske Bunader AS.

HØYRING

UTTALE

Kommuneplanen ønskjer å kople kultur og næring. Gjennom sitt sveinebrev brukar Sissel Trædal Jakes kompetansen sin til å gjere nettopp det. For kraftfondet er det viktig at ho i samarbeid med GMU utarbeider forretningsplan med vekt på inntening og ser på dette som ei næring.

FAKTA

Sissel Trædal Jakes har søkt om støtte frå Kraftfondet. Ho har svennebrev i kjole og draktsaum frå 1999 og er i oppstartsfasen med å starte systove for bunad. Så langt i år har ho sydd 3 bunader m/cape.

Utdanning og erfaring elles:

- Fagbrev i fiskeindutrifaget 2009.
- Slakteriet Brekke AS i om lag 10 år.
- Deltidsjobb på Brekkestranda Fjord Hotell sidan 1993.
- 6 mnd jobb ved Wergeland Halsvik betongstøyper.
- Vikar som brøytebilsjåfør.
- Vertskap på Stordalen fjellstove.
- Sambuar og mor til 2 gutar.

VURDERING

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte. Søknaden er såleis innanfor retningslinjene for bruken av Kraftfondet og Trædal Jakes søkjer om tilskot til investering i bedrift. Dette gjeld utstyr, maskinar og bygningar. At ho i tillegg er kvinne bør telje positivt, i samsvar med vedtektene.

Forretningsplanen er ferdig utarbeidd med planar om utvidingar for dei neste åra.

KONKLUSJON

Kraftfondet løyver kr 60 000 til investeringar for Sissel Sø. systove og saftkokeri.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	13.09.2012	083/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/577
-----------	---------------------

083/12 DELEGERTE VEDTAK

DRÅD. 004/12: Reglar om redusert foreldrebetaling for barnehage

DELEGERT VEDTAK:

Rådmannen fastset i tråd med punkt 3 i kommunestyrevedtaket følgjande reglar:

1. Ektepar/sambuarar med samla brutto inntekt mellom kr 200000 og 220000 får redusert foreldrebetalinga med 50 %.
2. Ektepar/sambuarar med samla brutto inntekt mellom kr 150000 og 200000 får redusert foreldrebetalinga med 75 %
- 3 Ektepar/sambuarar med samla brutto inntekt under kr 150000 får fritak for foreldrebetaling
- 4 Einslege forsørgjarar med årleg bruttoinntekt mellom kr 130000 og 150000 får redusert foreldrebetalinga med 50 %.
- 5 Einslege forsørgjarar med årleg bruttoinntekt under kr 130000 får fritak for foreldrebetaling
- 6 Satsane vert justerte i samband med budsjetthandsaminga kvart år på bakgrunn av konsumprisindeksen pr. 1. juli.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-083/12 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	13.09.2012	084/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/578
-----------	---------------------

SAK 084/12 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	12/3095	I	04.07.2012	Helsedirektoratet	Kommunal medfinansiering av spesialisthelsetjenesten - endring av a-konto-beløpene fra august 2012
2	12/3544	U	28.08.2012	Deltakarane	Tilbakemelding etter brukarundersøking i barnevernet
3	12/3675	U	06.09.2012	NVE	Tilleggsuttale til NVE etter sluttbefaring 23.-24.aug.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-084/12 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 13.09.2012:

Skriv og meldingar vart gjennomgått.

Skriv 3)

Ordfører Karstein Totland orienterte om tilleggsuttalen til NVE i høve Kraftlinja Modalen – Mongstad.

Tilleggsskriv 4)

Det vart delt ut skriv frå BKK dagsett 04.09.2012 angående omdiskutert sjøfylling til Matresøya.

Kommunestyret drøfta innhaldet i skrivet og kom inn på eventuelle andre prosjekt der tunnelmassane kunne nyttast dersom det ikkje vart sjøfylling over til Matresøya.

Kommunestyret gav uttrykk for at det hasta med å få ei avklaring i denne saka.

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 13.09.2012 vert vitna:

Karstein Totland
Ordfører

John Torsvik
Kommunestyremedlem

Lillian Andvik
kommunestyremedlem